



Årsrapport 2024 – Årsmelding og rekneskap
Vedtatt i kommunestyret 22.05.2025, sakene 25/31 og 25/32

Forsidebilde: Styrk Fjærløft

INNHOLD:

1	Kommunen som verksemd	4
1.1	<i>Innleiing</i>	4
1.2	<i>Økonomisk resultat</i>	4
1.3	<i>Befolkningsutvikling</i>	7
1.4	<i>Sjukefråvær</i>	7
1.5	<i>Likestilling</i>	9
1.6	<i>Årsverk</i>	10
1.7	<i>Beredskap</i>	10
2	Tenesteområde	11
2.1	<i>Skule</i>	11
2.2	<i>Barnehage</i>	12
2.3	<i>Flyktning</i>	13
2.4	<i>Sosialt førebyggjande arbeid</i>	13
2.5	<i>Helse</i>	19
2.6	<i>Omsorg</i>	20
2.7	<i>Infrastruktur</i>	22
2.8	<i>Prosjekt</i>	22
2.9	<i>Vatn og avlaup</i>	23
2.10	<i>Reinhald</i>	23
2.11	<i>Kommunale bygg</i>	23
2.12	<i>Plan- og byggesak</i>	23
2.13	<i>Jordbruk</i>	24
2.14	<i>Skogbruk</i>	24
2.15	<i>Viltforvaltning</i>	25
2.16	<i>Motorferdsel i utmark</i>	25
2.17	<i>Næring og utvikling</i>	25
2.18	<i>Reiseliv</i>	26
2.19	<i>Kultur</i>	26
2.18	<i>Åmli bibliotek</i>	27
2.20	<i>Nidelva og Gjerstad-Vegår vassområde (VOK)</i>	27

3 Rekneskap.....	28
3.1 Hovedoversikt.....	28
3.1.1 BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - FORSKRIFTENS § 5-4.....	28
3.1.2 BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - BEVILGNING PR. EINING – FORSKRIFTENS § 5-4	29
3.1.3 BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING A ETTER FORSKRIFTENS § 5-5	31
3.1.4 BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING B ETTER FORSKRIFTENS § 5-5	32
3.1.5 ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT – FORSKRIFTENS § 5-6.....	34
3.1.6 BALANSE.....	35
3.2 Nøkkeltal.....	36
3.2.1 NETTO DRIFTSRESULTAT I % AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER – KOMMUNEN TOTALT	36
3.2.2 BRUTTO DRIFTSINNTEKTER OG GJELD	36
3.2.3 GJELDSGRAD	37
3.2.4 «NETTO» DISPOSISJONSFOND	37
3.3 Noter.....	38
3.3.1 NOTE 1 - ENDRING I ARBEIDSKAPITAL.....	38
3.3.2 NOTE 2 – PENSJONSKOSTNADER.....	39
3.3.3 NOTE 3 - OPPGÅVE OVER ÅMLI KOMMUNE SINE GARANTIFORPLIKTELSTAR 31.12	40
3.3.4 NOTE 4 - AKSJAR OG ANDELAR I SELSKAP	41
3.3.5 NOTE 5 - PENSJON	41
3.3.6 NOTE 6 - SAMLA ETTERKALKYLE I SJØLVKOST	42
3.3.7 NOTE 7 – KAPITALKONTO	43
3.3.8 NOTE 8 – FOND	44
3.3.9 NOTE 9 – LÅNEGJELD	44
3.3.10 NOTE 10 - VARIGE DRIFTSMIDLAR SPESIFISERT PÅ AVSKRIVINGSÅR	44
3.3.11 NOTE 11 - BEREKNING AV MINIMUMSAVDRAG	45
3.3.12 NOTE 12 – UTLÅN.....	45
3.3.13 NOTE 13 - ENDRING REKNESKAPSPrINSIPP BELASTA LIKVIDITETSRESERVE	45
3.3.14 NOTE 14 - INNSKOT – PLASSERINGAR – GJELDSPORTEFØLJE	46
3.3.15 NOTE 15 - GODTGJERSLE REVISOR.....	47
3.3.16 NOTE 16 - YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR	47
3.3.17 NOTE 17 - OVERSIKT OVER SAMLA BUDSJETTAVVIK OG ÅRSAVSLUTNINGSDISPOSISJONAR	48
3.3.18 NOTE 18 – REKNESKAPSPrINSIPP	49
4 Status på vedtak fatta i kommunestyret.....	50
5 Tiltaksoversikt med status.....	54

1 Kommunen som verksemd

1.1 Innleiing

Kommunedirektøren i Åmli legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2024 som eit samla dokument.

Formålet med ein kommune er å levere nødvendige tenester til innbyggjarane. Innbyggjarane sin rett til tenester er i svært stor grad regulert og definert gjennom lovverk, slik at det er lovpålagt for kommunen å tilby tenester med eit definert nivå, og av ein gitt kvalitet.

Tilsette i Åmli kommune har lagt ned ein formidabel innsats i året som har gått. Fleire fagfelt er sårbar med ein eller eit fåtall tilsette som utfører arbeidsoppgåvane. Åmli kommune har faglig dyktige, positive og fleksible tilsette. Omstilling- og endringsprosessar må fortsette i åra framover, vi må sjå etter nye idear til arbeidsmetodikk og smartare måtar å organisere oss på. Det er nødvendig at vi held fram med å vidareutvikle samarbeid mellom avdelingar og einingar i kommunen. Det er viktig for einingane å skape handlingsrom til å ta kloke val og beslutningar. Kommunedirektøren si leiargruppe skal jobbe tett saman for å leie kommunen i ønska retning.

Dokumentet skal ivareta dei krav kommunelova set i høve til rapportering til kommunestyret. Rapporten skal gi opplysningar om høve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrapporten etter tilråding frå formannskapet.

Det er krav i kommunelova § 14-7 om rapportering av høve av vesentleg verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje likestilling på alle område i kommunen.

Slik kommunedirektøren ser det vert desse lovkrava ivareteke i dette felles dokumentet.

1.2 Økonomisk resultat

Rekneskapen for 2024 er avslutta ut frå forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar osv. gjeldande frå 01.01.20.

Driftsregnskapet

Netto driftsresultat skal i utgangspunktet vise forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året i motsetnad til rekneskaps messig meir- eller mindreforbruk (botnlinja) som måler økonomisk avvik sett i høva til eit budsjett i balanse.

Rekneskapsført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2024 er positivt og utgjer kr 4,443 mill. Netto driftsresultat i 2023 var kr 24 mill.

Netto driftsresultat utgjer 1,60 % av brutto driftsinntekter, mot 8,77 % i 2023.

Kommunaldepartementet sine føringar er at måltalset minst bør utgjere 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Dersom driftsregnskapet viset eit mindreforbruk etter at disposisjonane i rekneskapsforskrifta § 4-1 er gjennomført, skal mindreforbruket i tråd med rekneskapsforskrifta § 4-3 reduserast så mye som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond.

Det er i 2024 gjort strykinger i bruk av disposisjonsfond med kr 2,857 mill.

Kommunen har avsett netto 1,456 mill. til disposisjonsfond, medan det vart budsjettet med netto bruk på kr 11,541 mill. I tillegg til strykningane i bruk av disposisjonsfond er det ulike investeringsprosjekt som ikkje er ferdige, der finansieringskjelda var disposisjonsfond. Det er dermed ikkje brukt så mykje av fondsmidla som tiltenkt i 2024.

Etter tilbakeføringar til disposisjonsfond leggast rekneskapen fram med eit resultat på kr 0,- sett i forhold til budsjett. Endring i kommunen sin økonomiske handlefridom må vurderast mot endring i disposisjonsfond under eigenkapitalen i balansen, alternativt netto bruk/avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen.

Tenesteområda har samla sett eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 2,47 mill. jfr. Bevilgningsoversikt drift B. Dette syner at den økonomiske situasjonen til kommunen er under press og at ein bør være varsam med pengebruka i kommunen sin drift framover. Skatteinngangen i 2024 vart dårlegare enn budsjettet, men vart stort sett kompensert med auka rammetilskot i forbindelse med «nysalderinga» av Statsbudsjettet i desember 2024.

Det er i 2024 inntektsført eit premieavvik på kr 0,945 mill.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse mellom utgifter og inntekter. Av totalt finansieringsbehov på kr på kr 25,653 mill er kr 15,909 mill finansiert med bruk av lån.

Det vart overført kr 1,852 mill frå drift til investering i form av ordinære driftsmidlar med kr 0,906 mill. og bruk av disposisjonsfond med kr 0,946 mill, medan det var budsjettet med kr. 10,576 mill. av dette kr. 0,431 mill. frå ordinære driftsmidlar, kr 7,730 mill frå disposisjonsfond og kr. 2,415 mill frå bundne fond.

Investeringsprosjekta kan gå over meir enn eit rekneskaps år og det kan difor vere til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap. I all hovudsak er prosjekta gjennomført i.h.t vedtekte budsjetttrammer og investeringsrekneskapen leggast fram i balanse.

Prosjekta som ikkje vart ferdigstilt i 2024 leggast fram for kommunestyret i rekneskapssaka for 2024 med forslag om vidareføring av finansieringsplan for kvart enkelt prosjekt.

Nærare om kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.

Fond

For å ivaretake ein viss økonomisk handlefridom, bør kommunen ha frie driftsfond av ein viss storleik for å kunne møte endra føresetnader kring drifta.

Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk frå tidlegare år bør takast med i vurderinga av frie fond pr. 31.12.

Frie fond knytt til drifta pr. 1. januar 2024 utgjorde kr 56,3 mill. Tilsvarande saldo pr. 31. desember er kr 57,8 mill. Dei frie fonda er dermed auka med kr 1,5 mill.

Ved utgangen av 2024 utgjer netto balanseført premieavvik kr 27,5 mill. (kr 32,5 mill. i 2023)

Akkumulert premieavvik i balansen skal utgiftsførast i kommunen sitt driftsrekneskap over eit visst tidsintervall, alt avhengig av når tid premieavviket oppstod. Amortiseringa av premieavviket har blitt redusert frå opprinnelig 15 år til 7 år. Dette fører til at tilbakeføring av akkumulert premieavvik vil skje over kortare tid, og med høgare beløp pr. år. Ved høge positive premieavvik vil konsekvensen vere auka årleg belastning i kommunen sitt driftsrekneskap dei kommande åra.

Når kommunen ikkje har sett av midlar til fond for å dekke denne plikta i rekneskapen, må disposisjonsfonda korrigera for netto balanseført premieavvik for å kunne synleggjere kommunen sin faktiske økonomiske handlefridom. Resultatet vert då at kommunen sine frie fond utgjer kr 30,3 mill. ved utgangen av 2024.

Korrigert for premieavviket i 2023 utgjorde dei frie fonda kr 23,8 mill. i 2023. Kommunen sin handlefridom er dermed auka med kr 6,5 mill. frå 2023 til 2024.

Gjeld

Ved utgangen av 2024 var kommunen si netto lånegjeld minus ubrukte lånemidlar knytt til investeringar kr 170,9 mill. mot kr 166,6 mill. i 2023. Ubrukte lånemidlar auka frå kr 30,2 mill. til kr 45,4 mill.

Gjeldsgraden til kommunen målast med forholdstalet mellom netto lånegjeld og driftsinntektene til kommunen.

Driftsinntektene var kr 278,5 mill. i 2024. Dette gir ein gjeldsgrad på 61,35 % i 2024 mot 60,81 % i 2023.

Likviditet

Kommunelova krev at kommunane skal ha midlar nok til å dekke sine betalingsplikter ved forfall.

Likviditet vert målt ved å sjå på forholdstalet mellom balanseførte verdiar for omløpsmidlar (kortsiktige fordringar, omløpsaksjar, samt kasse og bankkonti) og kortsiktig gjeld. Basert på kommunen sine balanseførte verdiar pr. 31.12.24 utgjer forholdstalet 3,39 mot 3,16 i 2023.

Anbefalt forholdstal er 1.

I kommunen sin bankbeholdning er det midlar som er tilført gjennom låneopptak til investeringsformål. Slike ubrukte lån bør ikkje teles som driftslikviditet. For å få eit meir korrekt bilet, bør ein justere kontantbeholdninga for desse ubrukte lånemidla.

Basert på justerte verdiar endrast forholdstalet til 2,42 i 2024 mot 2,44 i 2023.

Ein kan, ut frå eit totalbilete konkludere med at kommunen sin økonomiske handlefridom er god.

Finansielle måltal

Kommunar og fylkeskommunar skal som sagt forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretake over tid.

For å kunne sei noko om dette vart kommunane frå 1. januar 2020 pålagt å utarbeide finansielle måltal, jfr. kommunelova § 14-2, bokstav c. I K-sak 21/19 vedtok kommunestyret følgjande måltal for kommunen;

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsinntekter = Forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året

Gjeldsgrad= Investeringsgjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Driftsreservar= Netto disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter


Måltala er sett slik;

Netto driftsresultat bør vere > 1,75 prosent av brutto driftsinntekter

Gjeldsgraden bør vere < 90 prosent av brutto driftsinntekter

Driftsreservane bør vere > 8 prosent av brutto driftsinntekter


Som vist i diagrammet under er kommunen innanfor måltala for gjeldsgrad og driftsreservar. Netto driftsresultat vert 0,15 prosentpoeng lågare enn måltalet pr 31.12.24. Det vart budsjettet med et netto driftsresultat i 2024 på -0,75%.



1.3 Befolkningsutvikling


Frå 2008 til 2018 låg folketalet i Åmli stabilt kring 1845 innbyggjarar. Dei siste fem åra viser derimot ein urovekkande nedgang i folketalet som vist i diagrammet under.

For å sikre ei positiv befolkningsutvikling i kommunen er det viktig å skape nye, samt sikre eksisterande arbeidsplassar. I tillegg er det viktig å ha fokus på gode bu-miljø slik at kommunen vert oppfatta som ein attraktiv stad å bu.



1.4 Sjukefråvær



Sjukefråværet i Åmli kommune har vist ein svakt negativ utvikling frå 2023 til 2024. Tabellen under viser utviklinga i sjukefråværet frå 2023 til 2024. Vi er ikkje nøgde med at utviklinga i sjukefråværet er negativ totalt sett. Spesielt i Helse og omsorg og på Samfunn har det vore ei klar negativ utvikling. For Samfunn er det få tilsette, enkelt fråvær på fulltid gir då store utslag. Auke i sjukefråvær i Oppvekst er nok knytt til de utfordringane skulen har hatt, særleg på slutten av året. Desse utfordringane arbeidast det kontinuerleg med.



Ansvaret for sjukefråværsoppfølging ligg hos den enkelte leiar og det er eigne rutinar for oppfølging av sjukemeldte. Rutinane følgjer systematikken til NAV og det opprettast sjukefråværsoppfølgingssaker som følgjer

denne. Sjukefråværet rapporterast jamleg i Arbeidsmiljøutvalet på einingsnivå. Sjukefråværet rapporterast samla, korttid/langtid og eigenmeldt/legemeldt.

Sjukefråværet i Åmli kommune er i all hovudsak langtidsfråvær. Fordelinga mellom langtids- og korttidsfråvær finnast også igjen i eigenmeldt og legemeldt fråvær. Det høge langtidsfråværet gir også høg del legemeldt fråvær.



Det er fleire arenaer der arbeidsmiljø vert sett på dagsorden i Åmli kommune. Arbeidsmiljøutvalet er eit av dei. Det er og etablert HMSK-utval i avdelingane som møtes jamleg. I desse møta vert det teke opp saker som rører seg i avdelingane og som har potensiale til å påverke arbeidsmiljøet. Meininga med dette er å førebygge utfordringar som kan føre til fråvær på et seinare tidspunkt. Årleg sendast det ut ei elektronisk vernerunde der ein kartlegg kvar tilsett sitt arbeidsmiljø knytt opp til lov og forskrift. Resultata vert gått igjennom i kvart HMSk-utval, møte i vernetenesta og på personalmøte i einingane. Ein gjeng og igjennom avviksrapportering frå avviks- og internkontroll systemet i kommunen.

Dialogplassen er og etablert som en arena for systematisk arbeid med arbeidsmiljø og HMS. Her deltar leiarar, tillitsvalde og hovud-verneombod. Tema er definisjonen av arbeidsmiljø og dei seks faktorane som påverkar arbeidsmiljøet. Arbeidet skjer i samarbeid med Agder Arbeidsmiljø og baserast på STAMIS kunnskap og forsking på feltet. Dialogplassen skal evaluerast i siste møte før sommaren og vil vidareførast basert på tilbakemeldingar i evalueringa.

HMS-dagen vart gjennomført i mai med leiarar, tillitsvalde og verneombod. Tema for dagen vart emosjonelle belastningar, moglegheitskjema for tilrettelegging og risikovurderingar.

Åmli kommune har delteke i eit samarbeidsprosjekt i regi av Østre - Agder der Arendal kommune har fått skjønnsmiddel til eit prosjekt som heiter HMS i skulen - førebygging av emosjonelle belastningar. Prosjekts målsetting er ei styrking av grunnmuren i HMS-arbeidet med utgangspunkt i forsking og skulen sine behov.

Prosjektet er retta mot Østre Agder-samarbeidet sine kommunar, starta i 2023, og varer til hausten 2025.

Arbeidet handlar om forbetring av det systematiske HMS-arbeidet, eit styrka lag rundt tilsette og førebygging av sjukefråvær. Tilbakemeldingar frå skular i kommunane, samarbeidspartnarar og leiing tyder på at prosjektet sine verkemiddel hjelper skulane med å lukkast med HMS-arbeidet. Det blir blant anna trekt fram forbetra systematikk, auka engasjement blant tilsette og betre utnytting av arbeidskvardagen sin organisering for å involvere tilsette.

Ønska sekundær- og effektmål av systematisk HMS arbeid i kommunen er et redusert sjukefråvær i et styrka arbeidsmiljø kor tilsette i mindre grad opplever utbrentheit og kjenner på meir jobbtilfredsheit. Om tilsette har det betre med seg sjølv og andre på arbeidsplassen er det god grunn til å forvente et lågare sjukefråvær, at tilsette blir lengre i stillingane, og at rekrutteringsutfordringar reduserast ved å betre omdømme til kommunane som arbeidsgivar. Meir overordna kan man si at samfunnet trenger berekraftige tenester. Et godt arbeidsmiljø sannsynleggjer at tilsette kan jobbe mye (heiltid) og lenge (høy pensjonsalder).


Framover vil Åmli kommune fortsette å fokusere på arbeidet nemnd over. Det er viktig å arbeide systematisk og over tid med sjukefråvær for å oppnå reduksjon. Dialogplassen, HMSK-utval og oppfølging vil være bærebjelkar i dette arbeidet. Kommunen vil også delta i relevante prosjekt i samarbeid med andre kommunar i Østre-Agder samarbeidet dersom vi finn dette formålstenleg.

1.5 Likestilling

Åmli kommune har jobba målretta over tid for å redusere talet på deltidsstillingar, auke størrelsen på stillingar og utjamning av lønnsforskellar. Tilsette i deltidsstillingar gis tilbod om å auke stilling før ledige stillingar lysast ut. Ved utlysing av ledige stillingar søker det i størst mogleg grad å lyse ut heile stillingar.

Likestilling knytt til løn, handlar om lik løn for likt arbeid. Utvikling i løn mellom kvinner og menn må derfor samanliknast mellom like grupper. I kommunal sektor er lønssystemet bygd på kompetanse og ansiennitet. Ein har delt inn den kommunale arbeidsstokken i grupper basert på likt kompetansenivå – kalla kompetansegrupper.

I diagrammet under visast kvinner si løn i prosent av menn si løn, i like stillingsgrupper og stillingskoder. Diagrammet viser at kvinner tilsette i Åmli kommune tener tilnærma det same som menn i lik stillingsgruppe – altså med same utdanningsnivå/kompetanse – og noko meir enn menn i lik stilling.



1.6 Årsverk

Eining	Kvinner	Menn	
STØTTEFUNKSJONER	7	1	
OPPVEKST	57	14	
HELSE OG OMSORG	63	5	
HABILITERING OG RESSURS	26	9	
SAMFUNNSAVDELINGA	11	12	
Totalt	154	37	191

Årsverk og fordeling på kvinner og menn er henta ut frå kommunen sine lønsdata. Tala vil ikkje vere 100% korrekt då både ein fast tilsett som har gått på sjukeløn/løna permisjon og vikar kan vere med i berekningsgrunnlaget. Sentrale personalregister, som til dømes PAI-registeret til Kommunanes Sentralforbund, vil innehalde dei same små feilmarginane. Tala er basert på faste og midlertidige stillingar som inngår i normal drift.

Det er verdt å merke seg at kjønnsfordelinga i Åmli kommune har sterk overvekt av kvinner. Dette kan forklarast av at det er mange tradisjonelle «kvinneyrke» i kommunens tenesteportefølje. Det vil være viktig framover å sette fokus på å utjamne denne fordelinga.

1.7 Beredskap

Organisasjonsavdelinga ved beredskapskoordinator har oppfølgingsansvaret med kommunens arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Kommunedirektøren er kommunens beredskapsansvarlege og er leiar av kommunal kriselening. Den einkilde einingsleiar har delegert ansvar for beredskap for eigne tenesteområdet.

Krisehandtering skjer etter følgjande fire hovudprinsipp:

- **ANSVAR** - Den myndigkeit med det daglege ansvaret, har ansvar og i ei krise
- **LIKHET** - Organiseringa i krise skal vere mest mogleg lik dagleg organisering
- **NÆRHET** - Ei krise skal handterast på lågast mogleg nivå
- **SAMVIRKE** - Alle verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Krisehandtering er summen av tiltak som settast i verk for å avgrense ei skade og bringe krisa til opphøyr.

Kriseleninga har ikkje vore satt i 2024 i sin heilskap, men det psykososiale kriseteamet har vore ute på oppdrag i forbindning med nokre alvorlege ulykker. Det har og vore hendingar der beredskapskoordinator, kommunedirektør og ordførar har vore involvert. Nemner utfall av mobilnett i deler av kommunen i oktober.

Åmli Kommune inngjekk samarbeidsavtale med de øvrige sju kommunane i Østre-Agder IPR om bemanning av Evakuerte- og pårørendesenter (EPS), for å ivareta beredskapsansvaret ved ein uønskt hending på tidspunkt der det kan være krevjande å bemanne EPS med eigne tilsette.

2 Tenesteområde

2.1 Skule

Skuleutvikling

Det blir arbeidd kontinuerleg med utviklingsarbeid gjennom året.

READ-Agder er eit samarbeid mellom kommunane på Agder med formål om gje auka leseglede blant barn og unge, og støtte foreldra si involvering i barnas lesing. Forsking viser at foreldra si aktive involvering har stor verdi for barnets utvikling, trivsel og læring. Prosjektet er forankra i handlingsprogrammet i Regionplan Agder. I 2024 blei Read Agder gjennomført for 1-4. klasse.

Aktivitørar i friminutt har blitt ei permanent ordning i arbeid med inkluderande skolemiljø, men inneverande skuleår har me ikkje hatt personell som har søkt om denne oppgåva. Vi håpar å få dette på plass til skuleåret 2025/2026

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er eit tiltak som skal bidra til at barn og unge får den hjelpe dei treng når dei treng det. Målet er at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule. Kompetanseløftet er ei oppfølging av Meld. St. 6 Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO. Kompetanseløftet har som mål at alle kommunar, fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane. Dette skal gjere det mogleg å førebygge, oppdage og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging. Åmli kommune deltek i kompetanseutviklinga gjennom Østre - Agder samarbeidet, saman med andre skular i regionen og Universitetet i Agder.

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga tek føre seg elevdemokrati og medverknad, fagleg utfordring, felles reglar, læringskultur, meistring, motivasjon, støtte frå lærar, støtte heimanfrå, trivsel, og vurdering for læring.

Nokre av dei viktigaste resultat fortel om mobbing på skulen. På landsbasis har mobbetal auka betrakteleg over dei siste åra etter koronapandemien. Før har talet på elevar som opplever ein form for mobbing på skulen lege stabilt rundt 7%, men er nå oppe i 13% over heile landet. Desse tala er underlagd strengt personvern for at ikkje individ skal kunne identifiserast frå statistikken. På dei to trinna der resultata er offentlege (7. og 10. trinn), ligg Åmli noko over dei nasjonale mobbetala for 7. trinn og langt under på 10.trinn. Skulen jobbar parallelt med elevundersøking for å avdekke mobbing gjennom verktøyet Spekter, utvikla av læringsmiljøsenteret i Universitet i Stavanger. Dermed har skulen gode rutinar for å førebygge, avdekke og følgje opp mobbing.

Når det gjeld trivsel på skulen ligg Åmli rundt det nasjonale snittet, med nokre klassar som trivast litt betre enn landsnittet og nokre klassar som trivast litt under landsnittet, ein naturleg variasjon i ein skule med små klasser.

På fleire av indikatorane scorar 10. steg over nasjonalt snitt på mellom anna støtte frå lærar, vurdering for læring, læringskultur, felles reglar, utdanning og yrkesval og faglege utfordringar. Diverre ser me noko lågare resultat for 7. steg på Åmli skule, samanlikna med det nasjonale snittet.

Skulen ser på det som viktig med rutinar knytt til desse resultata, for å betre dei resultata som skulen ikkje er nøgd med. Dette arbeidet må gjerast i dei respektive klassene. Spesielt viktig for arbeidet er samarbeidet mellom elevane og kontaktlærarane, med felles føringar frå skuleleia. Skuleeigar vil fylgje opp med å sjå til at gode rutinar blir fylgd opp i kvalitetsarbeidet.

Nasjonale prøver

Nasjonale prøver gjennomførast i 5., 8., og 9. trinn i fagområde engelsk, rekning, og lesing. Elevane på 8. trinn Åmli presterte i 2024 under fylkessnitt og landsnitt i lesing og rekning og engelsk. På 9. trinn presterte dei godt over både fylkessnitt og landsnitt. På 5. trinn ligg elevane i Åmli på eller tett inntil fylkessnitt og landsnitt i lesing og noko lågare i engelsk og rekning.

Det er likevel viktig å ikkje trekke slutningar om kvalitet i skulen frå resultata til enkelte klassar og trinn då desse ikkje gjev stort nok talgrunnlag for det. Derimot kan ein avdekke strukturutfordringar og strukturelle styrkar ved å sjå resultat frå prøvene over tid, t.d. ved å samanlikne eit og same årskull frå 1. til 9. steg. Ein kan også samanlikne dei ulike stega, for å sjå samanheng og indikasjonar på strukturar for læring som kan betrast. Skulen jobbar mot å gjere dette systematisk over heile læringsløpet.

Grunnskulepoeng for 2024

I 2024 låg Åmli på 40,3 grunnskulepoeng, landssnittet var 42,2. Førre skuleår låg me på 39,2. Variasjon bør forståast i lys av variasjon frå kull til kull då det ikkje er eit stort nok elevgrunnlag til å trekke slutningar om endring av kvalitet i skulen. Ein må heller sjå på den langvarig trenden over fleire år, noko som har vore positivt samla sett over dei siste ti åra. Samsvaret mellom grunnskulepoeng og eksamen, og samsvaret mellom karakternivå frå grunnskulen til vidaregåande gjer ein indikator på kvaliteten av karaktergjevinga. Dette har Åmli vore gode på.

SFO

Det er mange barn som nyttar SFO-tilbodet i Åmli og på Dølemo etter at det blei innført gratis SFO for 1-4. klasse. Det vil i det vidare bli arbeidd med å konkretisere og legge opp innhaldet på SFO i tråd med nasjonale føringer og etter ei konkretisering av innhaldet i forskrift om rammeplan for SFO.

Leksehjelp

Det har vore tilbod om leksehjelp for 2.-4.klasse i SFO-tida ein time i veka. I tillegg har det vore tilbod om ein time leksehjelp i veka frå 5-10- trinn. Det har vore stor oppslutning om tilbodet på småskolen og mellomtrinn, men svært få som nyttar tilbodet i ungdomsskolen.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa har lokale i 2. etasje på Åmli bibliotek. Skulen har hatt undervising av elevar på introduksjonsprogrammet og undervisning av elevar med rett og plikt til norsk og samfunnskunnskap. Det vert også gitt undervisning til elevar med rett til vedlikehald av tidligare grunnskolekompetanse. Der er ansatt to lærare ved skulen.

2.2 Barnehage

Kompetanseløftet

Kompetanseløftet er eit tiltak for leiarar og ansatte i barnehagar og PPT som skal bidra til at spesialpedagogisk hjelpevert er tett på de barna som har behov for det. Målet er at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule. Kompetanseløftet skal vere eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet, og skal bidra til at barnehagen har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna for å kunne forebygge, fange opp og gi et inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn med behov for særskilt tilrettelegging.

Vidare i 2025 skal dei kommunale barnehagane som er i Sone 3 få ped.leiarstøtte. Arbeidet går ut på å få hjelpevert i translatørrolla. Korleis formidle fagleg og drive utviklingsarbeid frå kurs og deretter vidare ut på avdeling. Kompetanseutviklinga skal vere barnehagebasert, så både pedagogar og styra deltek i prosessen. Motivasjonen for å drive utviklingsarbeidet er drivkrafta, og vi skal få rettleiing frå aktørar ved UiA til å drive utviklingsprosessar.

READ-Agder

Formidling av biletbøker var eit prosjekt vi var med på våren og høsten 2024. Formål var å auke lesegleda hos barn, og samtidig støtte foresattes i formidling av biletbøker. Prosjektet er forankra i handlingsprogrammet i Regionplan Agder. Barnehagane har hatt tett dialog med biblioteket, og kommunen gjennomførte prosjektet for barnehagane.

Helsefremmande barnehagar og skular

Betre tverrfagleg innsats er noko vi arbeider dagleg med i barnehagane. Peilemerkene heng på avdelingane og pauserom – og vi gjennomgjeng desse på personalmøta. Vi reflekterar over betydninga som utgangspunkt i implementeringa.

BTI – handlingsveileder

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er en samhandlingsmodell for tjenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytta undring eller bekymring til. Hensikten med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilhetleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidrar til tidleg innsats, samordning og medverking. Barnehagane følger Åmli kommune sin handlingsveileder ved bekymring rundt et barn.

2.3 Flykting

I 2024 vert det busett 8 flyktnigar i Åmli kommune. Alle flyktingane kjem frå Ukraina. Av desse var det 6 vaksne og 2 born. Flyktingane er busett på hybelbygget og i Gamle Telemarksvegen. Alle de vaksne har fått tilbod om norskopplæring. Tilbod om introduksjonsprogrammet er gitt til dei dette er aktuelt for. Kommunen har nå fleire flyktingar på tiltak gjennom NAV.

Flyktingane som er ein del av introduksjonsprogrammet, har fått arbeidspraksis i private bedrifter og i ulike avdelinger i kommunen. Alle born har fått skole- og barnehageplass. Borna er også aktive med på fritidsaktivitetar. Tilbakemeldingar frå flyktingane er at dei trivs i kommunen og har eit godt tenestetilbod.

Fleire av dei første flyktingane kommunen busett, har fått seg deltidjobbar eller studerar. Nokre har også fått godkjent si utdanning frå hjemlandet sitt. Dette opnar opp for mogleikheten i jobbsamanheng.

2.4 Sosialt førebyggjande arbeid

PP-tjenesta

I 2024 har det arbeidsområdet vore barnehage, skule og vaksenopplæringa. Tjenesten har blitt utvida med eit årsverk frå hausten 2024. Samla årsverk er no 200%. Ein av dei ansatte er no ute i permisjon.

PP-tjenesta har lokaler på "Mini-skulen" nær Åmli skule. Dette har vore særslig tilfredsstillende. Lokala er godt egna til å ta imot born og familiær. Det har vore ei jamn tilstrøymning av rehenvisninger og nye henvisninger til PP-tjenesten.

Åmli kommune har sendt ein søknad om å verte ein del av eit interkommunalt samarbeid i PP-tjenesten. Dette er ikkje avklåra endå.

Kulturskulen

Kulturskulen hadde ved utgangen av 2024, 63 elevplassar fordelt på musikkopplæring, visuell kunst og dans. Vi har og hatt elevar frå omkringliggende kommunar som har kjøpt elevplass i Åmli kulturskule i denne perioden.

Det var fem tilsette lærarar i kulturskulen hausten 2024, tre på musikkopplæringa, ein på dans og ein på kunst. Kunstmålere og pianolærarar har hatt permisjon deler av året og det blei tilsett vikar for denne perioden. Det har også vore samarbeid med kulturskulen Aust i Agder for å kunne tilby eit godt og variert fagtilbod dette året.

LOS/SLT

Det vert halde eit SLT-møte (SLT= samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak) i kvar månad i Åmli. Skulen har denne hausten fylgd opp møta. Deltakarar har vore rektor ved Åmli skule, politikontakt, barnevern og rus/psykiatri. Ein vil i det vidare arbeide med å få rutinar og statistisk oversikt over gjennomføringa i VGS.

Losen skal fylge opp ungdom slik at flest mogleg skal klare å gjennomføre videregående skule.
I august 2024 starta ny LOS/Ungdomsveiler opp i 40% stilling, kombinert med 60% stilling som miljøterapeut på Åmli skule.
LOS/Ungdomsveileder deltek i Team Østre Agder, kor både fylket og nabokommunar er representert.
LOS/Ungdomsveilar har samarbeider med rådgjevarane på dei ulike skulane, oppfølgingstjenesta, psykisk helse og NAV, samt deltek månedleg i SLT-møter.

Utstyrsbanken

Utstyrsbanken har i 2024 hatt lokale i 2. etasje på Åmli bibliotek og har hatt særskilt godt utlån.

Tilskudd til inkludering av barn og unge

Gratis turar har blitt gjennomført i haustferien for deltakarar i aldersgruppa 7.kl-vgs. Dyreparktur for familiær i målgruppa ble gjennomført i sommarferien.

Forebyggjende plan

Kommunen skal fremje gode oppvekstkår gjennom tiltak for å forebygge at born og unge ikkje vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar atferdsproblem. Kommunen skal samordne tenesta for born og familiær. (Jfr. lov om Barnevern § 15-1 av 1.1.2023)

Kommunen er igong med å utarbeide ein plan for vidare arbeid på dette området. Planen har teke noko lengre tid enn forventa og er difor ikkje ferdigstilt. Ein er likevel i god gong med arbeidet, og målet er å kunne leggje fram ein plan i 2025.

Helsestasjonen / skulehelsetenesta

Målet for helsestasjonen og skulehelsetenesta er å vere tilgjengelege for innbyggaren 0-20 år og deira foreldre. Nasjonale rettingsliner har mange lovpålagnede konsultasjoner og oppgåver. I alderen 0-5 år er det flest oppgåver og lovpålagnede konsultasjoner som skal gjennomførast. Oppgåvene til helsestasjon og skulehelsetenesta kan delast inn i tre område: 1. barn 0 – 5 år 2. skulehelsetenesta 3. Helsestasjon for ungdom (HFU). Dette er eit lågterskel tilbod, og skal vere eit tilbod til alle som ønsker.

Vi har prosjektmidlar i 2024 til 60% sjukepleier for å styrke skulehelsetenestene, som har ført til meir open dør på skulen. Helsestasjonen følger nasjonale retningslinjer for helsestasjon- og skulehelseteneste med helsekontroll, helsesamtalar og undervisning. Heimebesøk til familiær med nyfødte har i 2024 blitt gitt til alle.

Helsesjukepleier / sjukepleier deltar i Ressursteam for skule og barnehage. Samt i samarbeidsmøte rundt sårbare elevar i skulen. Helsesjukepleiar deltek med aktuelle tema på foreldremøte på skulen.

Tenesta er fire dagar i veka på kontoret på Åmli skule og på Dølemo skule to-tre dagar i måneden. Det er stor pågang av elevar som ønskjer oppfølging med samtaler eller ulike vennskapsgrupper. Hausten 2024 starta vi opp med at skulelegen er tilgjengeleg på skulen nokre gonger pr semester.

Aukane samarbeid med psykisk helse starta opp desember 2024 og er i drift frå 01.01.2025. Det er eit godt samarbeid mellom tenestene. Helsesjukepleier henviser ungdom til psykisk helse om det er behov for behandling.

Helsesjukepleier/sjukepleier deltar i foreldremøter, Kvello og Cos-kurs og God skolestart. Foreldreveildning blir gitt etter behov. Samarbeid med ABUP er svært viktig og tek mykje tid.

Det er Helsestasjon for ungdom (HFU) kvar onsdag, og då er lege med annankvar gong.

I 2024 blei det gjennomført førstehjelpskurs for foreldre.

Jordmor

I 2024 var det ti fødslar i Åmli. Vi har 100% jordmorteneste saman med Vegårshei og Gjerstad. Jordmortenesta har mange konsultasjoner under graviditeten og er på heimebesøk etter fødsel. Vi følger nasjonale retningslinjer i svangerskap, fødsel og barsel. Jordmor har tett samarbeid med fastlegane, helsejukepleier og andre linje tenesten.

Ny jordmor er på plass frå februar 2025. Inger Urfjell har overtatt etter Vigdis Moripen som er blitt pensjonist etter seks år i kommunen. Jordmor forsetter med trening for gravide sammen med fysio og interkommunalt kvinnehelsetilbod om langtidsvirkande prevensjon / etter kontroll / celleprøve.

Barnekoordinator

Barnekoordinator har i 2024 hatt fleire barn og familier som er blitt fulgt opp. Det blir gjennomført tverrfaglige møter og møter med barnet og familien.

Fysioterapi / ergoterapi

I 2025 fekk tenesta auka ressurs med 100% fysioterapeut. Vi fekk tilsett i mai 2025, men vedkomande sa opp i november pga personlig årsaker. Stillinga blei lyst ut på ny, og då med oppstart februar 2025 med ny ressurs.

Tenesta har to fysioterapeutar i 100% og ein ergoterapeut i 100%.

Tenestene har eit stort felt, både geografisk, då dei skal dekke heile kommunen, men ikkje minst fagleg. Ein følgjer opp både spedbarn, elevar, vaksne og eldre på mange ulike fagområde; pediatri, geriatri, ortopedi, nevrologi, hjerte-lunge-kreft, muskel-skjelettsjukdommar, livsstilssjukdommar, under svangerskap og i barseltid.

Barn: Kommunen satsar på å kome tidleg inn for å fange opp eventuelle behov for oppfølging.

Kommunefysioterapeut gjer dette gjennom rutinemessige 8-vekers konsultasjonar for å avdekke spedbarnsasymmetri og liknande, 18 mnd grupper i samarbeid med helsestasjonstenesta, følgjer opp dei med behov vidare, og har elles låg terskel for at foreldre/helsejukepleiar/lege kan ta kontakt.

Vidare er kommunefysioterapeut med i Kvello-arbeidet, og har observasjonar og gjennomgang av ein barnehage pr. semester saman med PPT, helsejukepleiar og barnevern. I tillegg til dette reiser fysioterapeut rundt i alle barnehagane og har motorisk gruppe med forskulebarn kvar veke. Fysioterapeut er også ein del av skulehelsetenesta, og er leiar for God skolestart, eit konsept der ein er inne i 1.klasse i Åmli og på Dølemo, saman med helsejukepleier og PPT, i samarbeid med klassekontaktar i forkant og etterkant av dette.

Enkeltelevar følgjast opp av fysioterapeut der det er behov for dette. I tillegg er det no starta opp med haldningsundersøkingar på 6.trinn for å avdekkje evt. skoliose. Fysioterapeut er også, i samarbeid med helsejukepleiar med på guttesnakk/jentesnakk for undervisning om kropp, grenser og avspenning.

Vidare har fysioterapeut og helsejukepleier hatt tankevirus-kurs for 10.trinn, samt kosthalds- og aktivitetsundervisning i 9.trinn. Fleire barn henvisast p.g.a. muskulære spenningar som har meir samansette årsaker, skulevegring ol, og ein ser behov for meir kompetanse på psykomotorisk fysioterapi. I haust har fysioterapeut og helsejukepleiar delteke på foreldremøte for 1., 3 og 5.trinn for å snakke litt om skjermbruk, stillesitting og aktivitet.

Vaksne/eldre: Kvardagsrehabilitering har vore utført hjå fleire heimebuande brukarar, ofte i etterkant av rehabiliteringsopphald, men også dei som har hatt funksjonssvikt, slik at dei skal kunne klare seg heime lengre. Dette har vore utført i samarbeid med fysioterapeut, ergoterapeut og heimesjukepleia. Her har ein forsøkt å ha oppstartsamtale saman med heimesjukepleia der ein har nytta seg av kartleggingsverktøyet SPPB (short physical performance battery) før og etter ein treningsbolt. Me har hatt regelmessige treningar, og fleire har vist gode framsteg her. Fysioterapeut og ergoterapeut har hatt styrke og balansegruppe for heimebuande eldre, for å kome tidleg inn og førebyggje funksjonssvikt. Fysioterapeut behandler pasientar på korttidsopphald i etterkant av sjukehusinnlegging/funksjonssvikt. Fysioterapeut utfører også kurativ behandling i fysioterapiavdelinga, samt noko heime hjå brukar.

Ergoterapi

Ergoterapeuten i kommunen arbeider med å gjøre kvardagslivet mogleg for alle uansett funksjon eller situasjon. Dette arbeidet gerast gjennom kartlegging, samtalar og observasjonar av barn, vaksne og eldre i deira egne omgivelsar og miljø. Det kan være i eigen heim, i barnehagen, på skulen, arbeidsplassen, i nærmiljøet, på institusjon, osv. Ergoterapeuten jobbar mykje med aktivitet og mestring på ulikt nivå av dei aktivitetane pasient/bukar ønsker sjølv. Dette opnast via trening, tilrettelegging og læring på ulike nivå som hjelpe midlar, bustadtilpassing, tilpassing i barnehage og på skule og tilpassing i arbeid, for eksempel. Ergoterapeuten er også med i det tverrfaglege arbeidet i kommunen.

Barn: Kommunen satsar på å kome tidleg inn for å fange opp eventuelle behov for oppfølging. Ergoterapeuten har ikkje rutinemessige konsultasjonar, men kjem inn i bildet ved behov. Kommune-ergo er med i Ressursteam barnehage og bidrar der tverrfagleg med sin fagkunnskap. I tillegg er ergo med på God Skulestart for observasjon av førsteklassingane på skulane i kommunen saman med fysioterapeut, helsejukepleiar og PPT. Enkeltelevar følgjast opp av ergoterapeut der det er behov for oppfølging.

Det er ønskeleg framover at kommunal ergoterapeut er meir inne på barn i kommunen for å styrke det forebyggjande arbeidet i barnehage og på skule. Dette skal utarbeidast dei neste åra.

Vaksne/eldre: Ergoterapeuten søker på hjelpe midlar fra Nav hjelpe middelsentral og bistår innbyggjaren med å skrive søknader på større ting som tilpassing av bil og bustad, eller bistår andre faggrupper (psykisk helse, tenestekontoret, m.m.) for funksjonsvurdering eller liknande. Ergoterapeuten bidrar og med rehabilitering etter skade eller sjukdom i form av aktivitetsfokusert eller aktivitetsbasert trening.

Demensteam

I tillegg til deo generelle arbeidsoppgåvene til Demensteamet har teamet i 2024 utført ein rekke viktige arbeidsoppgåver for kommunens arbeid rundt dei demente og deira pårørande. På vårparten av 2024 hadde teamet kurs for næringslivet i kommunen der fokuset var «Demensvennleg samfunn». De hadde i tillegg informasjonsmøte om demens for pensjonist forbundet. I mai utførte teamet Pårørandeskule for innbyggjarane som har ein eller fleire i familien med ei demensdiagnose. På haustparten deltok Demensteamet på Interkommunalt Fagnettverk for demens i Agder. Seinare på hausten hadde teamet kurs for Aktivitetsvenn i kommunen.

Frisklivssentral

Ein har i 2024 hatt ei god gruppe deltakarar i frisklivssentralen. Deltakarane får oppstart -samtales i form av motiverande intervju og single-state-tredemølle test, og deretter samtalar og test kvar 3.mnd, og kan gå her i inntil eitt år. Dei deltek på gruppentreningar og eigentrening etter plan, som blir sett under samtalane. Ein har sett gode resultat på re-test av fysisk form, og mange har hatt god nytte av tiltaka og klart å ta tak i eiga helse. Ein har no opna opp for at deltakarane kan få eit nytt år dei gongene ein ser at det er hensiktsmessig.

Det er godt interkommunalt samarbeid mellom fysioterapeutane i Vegårshei, Gjerstad og Åmli, i samarbeid med interkommunal jordmor, der ein har tilbod om trening under svangerskapet. Fysioterapeuten har også trening for mor i barseltida, som er fin både for mor og barn, då dette stimulerer til godt samspele mellom mor og barn.

Ein prøver å få til årlege meistringskurs i frisklivssentralen, men her trengs det å jobbe endå meir med rekruttering av deltakarar. Ein har også hatt livsmestringskurs for flyktningane frå Ukraina, med tema om kosthald, sovn, aktivitet og kvardagsglede. I sommar hadde me eit lågterskel trenings tilbod i badeparken, der personar utanfor friskliv også møtte.

I 2025 vil ein starte opp med Aktiv senior ute i grendene og baby svømming.

Hjelpe midlar

Ergoterapeuten har ansvar for kartlegging av behov for hjelpe midlar og søknader om hjelpe midlar til Nav. Åmli kommune har eit eige lager til korttids utleie, som f.eks. seng, rullestol, rullator og krykker. Åmli kommune har syns- og hørslekontakt som har ansvar for hjelpe midlar innan dette fagområdet.

Tenestekontor

Tenestekontoret har hatt 70 % ressurs fordelt på to tilsette til saksbehandling og kartlegging.

Tenestekontor arbeider etter kommunens tildelingskriterier, forskrift, lovverk og nasjonale føringer i sin saksbehandling. Ein ser at tenestetildelinga nå følgjer kartlegginga og er behovsprøvd.

I 2024 har det blitt fatta 341 enkeltvedtak og gitt 19 avslag. Det er i 2024 mottatt tre klager, der ein er omgjort, ein delvis innvilga og ein oppretthaldt.

Det er stort fokus på tverrfagleg samarbeid. Tenestekontoret har alltid med seg fagkompetanse innan rett felt ved kartleggingar. Tenestekontoret har ansvar for forvaltning etter Helse- og omsorgstenestelova. Koordinerande eining ligg under Tenestekontoret.

Det er godt dokumentert at god forvalting og rett saksbehandling er viktig for å kunne gi rett tenestenivå. Tenestekontoret nyttar ressurskalkulator og innsatstrappa.

I 2025 vil tenesta jobbe for å få auka ressursar på kontoret med 40% slik det er vedtatt i tidlegare budsjett.

Nav

Den kommunale delen av Nav Åmli har i 2024 hatt fokus på tett oppfølging av alle brukarane, og tilrettelegging av tiltak for kvar enkelt person og familie. 2024 har for mange vore eit utfordrande år økonomisk.

Fokusområde i 2024:

- Rettleie og hjelpe stønadsmottakarar til å kome ut i arbeid, eller over på rettmessige statlege ytingar.
- Rettleie og hjelpe tenestemottakarar til å bu trygt og godt
- Gi økonomisk råd og rettleiing til dei som ønskjer det, for å førebygge økonomiske utfordringar

Det at me har hatt fokus på nemnde område, har ført til at me har lykkast med å hjelpe fleire til å oppnå økonomisk tryggleik, bu trygt og godt og fremme overgangen til arbeid.

Det vil framover vere viktig å halde oppe kompetansen på dei ulike fagfelta, slik at me kan halde fram det gode førebyggande arbeidet, og å gi gode tenester.

Økonomisk sosialhjelp er ein stønad som blir gitt til personar som ikkje er i stand til å sørge for eige livsopphald. Dei kommunale tenestene ved Nav Åmli har lykkast med å følge opp saker på ein god og verknadsfull måte, og det har ført til låge sosialhjelpsutbetalingar i 2024.

Nav Åmli starta i januar 2024 opp ei arbeidsgruppe med varierte arbeidsoppgåver for å imøtekome kravet om aktivitetsplikt i Nav jf. §20 a i lov om sosiale tenester.

Dagsenter for personar med demens

Dagsenteret for demente er to dager i veka. Det blir gitt tilbod i gruppe eller individuelt. Vi ønsker å kunne utvide tilboden til å gjelde andre eldre også, ikkje bare dei med kognitiv svikt. Dagsenter for demente er viktig for brukare som bur heime. Vi veit at antal demente vil auke dei neste åra, og dette er eit tilbod som vi må utvikle i tråd med behovet. Den tilsette på dagsenter for demente er med i Hukommelse-teamet i kommunen.

Psykisk helseteneste/rus for voksne

Psykisk helseteneste og rus er eit låg-terskel tilbod som yter lovpålagnede tenester og oppgåver. Tenesta har 65-80 brukarar i året. Dei fleste har individuelle tilbod som støtte- og mestringssamtalar. Tenesta bruker også tid på såkalla miljøterapautisk arbeid og oppfølging i heimen.

Verdensdagen for psykisk helse vert markert i samarbeid med Frivilligsentralen.

Gruppetilbud for voksne

I 2024 har tenesta hatt følgende gruppetilbud for voksne:

1. Dagsenter kvar måndag og torsdag. Dagsenter har i snitt 10-14 deltagarar kvar gong. Dette er med på å gjje deltagarane noko å gå til, samtidig som me avlastar tenesta ved å gjje dette tilbodet. Nokon av dei aktivitetane vi driv med er sosialt samvær, bingo, handarbeid-aktivitetar, matlaging og fysisk aktivitet.
2. Gruppe på tysdag ettermiddag for unge voksne. Tida blir brukt til matlaging, samtaler i gruppe og ulike aktiviteter.
3. Yoga tilbod deler av året. Yoga kan blant anna vere ein terapiform som kan brukast i forbindelse med trening og handtering av stress.
4. Trening i basseng. Tilbodet blei gitt første halvdel av året og blei gitt ei gong pr. veke.
5. Turgruppe. Me har i store deler av året hatt turgruppe på fredagane, der ein både har hatt lange og korte økter.

Me ønskjer å bruke gruppetilbod så langt det let seg gjere, då dette gir både andre kvaliteter i oppfølginga og kan være ressurssparande for tenesta.

Pårørande

Tenesta starta opp eit tilbod for pårørande i 2024 for barn/unge og voksne. Tilbodet har hatt drop-inn tid kvar torsdag slik at innbyggjarane i Åmli på ein enkel måte kan oppsøke hjelp ved behov.

Psykisk helseteneste for barn og unge

Psykisk helseteneste for barn og unge har starta opp 01.01.2025. Det blei i 2024 satt ned ei gruppe av fagpersonar i kommunen for å førebu oppstarten av denne tenesta.

Anna

Me har ikkje hatt kommunepsykolog i 2024.

Me har fått tilskot til prosjektstillingar med til saman 1,1 stilling som har vore knytt opp mot tilbod til pårørande, og tilbod om aktivitet. Det var siste året med midlar for ei 0,5 stilling i 2024.

Ambulerande vaktmester

Ambulerende vaktmester er ei teneste som dei siste åra har vore pressa, og det har ikkje vore mogleg å ta imot nye brukarar. Vi har både i 2022, 2023 og 2024 mått å vise søkjrarar til private aktørar for snø-måking og plenklypping.

Ambulerande vaktmester har ansvar for det kommunale hjelpemiddellageret. Ambulerande vaktmester er ansvarleg for å ta imot hjelpemidla frå NAV og for å levere desse ut til brukar. Ambulerende vaktmester har ansvar for bilane i heimetenesta, og er ansvarleg for alt som har med velferdsteknologi (alle alarmsystem på ÅPOS og ute i heimane). Hjelpemidler, velferdsteknologi i heimane og alarmsystem på Åpos tar opp mesteparten av tida til ambulerande vaktmeister.

Kreftkoordinator

Åmli kommune har Kreftkoordinator i 20% stilling. Kreftkoordinator har ein rettleiarrolle og ein oppfølgingsrolle til kreftpasientar og pårørande i kommunen. I 2024 har kreftkoordinator hatt oppfølging av fleire pasientar og deira pårørande.

Åmli Frivilligsentral

Åmli Frivilligsentral arbeider i tråd med forskriftera for frivilligsentraler, kor målet er å stimulere til frivillig innsats, vere ein åpen møteplass for befolkninga og fungere som eit bindeledd mellom kommune og frivillig sektor. Sentralens aktiviteter og prosjekt skal bidra til auka engasjement, samkjensle og livskvalitet for innbyggjarane i Åmli.

Gjennom 2024 har Frivilligsentralen videreføre sine faste vekentlege og månadlege aktiviteter og møteplassar. Blant desse er felleslunsj for heimebuande seniorar, bingoarrangement i samarbeid med frivillige organisasjonar (med 13 frivillige involverte) samt drift av kiosktralla ved Åmli pleie- og omsorgssenter, der seks frivillige bidrar.

Tiltaket "Lyttevenn" ved Åmli skule for 3. og 4. trinn har også fortsatt, med ni frivillige engasjerte gjennom våren 2024. Samarbeidet med elevar frå valfaga "Innsats for andre" og "Arbeidslivsfag" har resultert i konkrete aktivitetar organisert av Frivilligsentralen.

Matutkøring via Frivilligsentralen, i samarbeid med ÅPOS-kjøkkenet, er ein godt etablert teneste, kor 16 frivillige bidrar til å levere mat to gonger i veka.

I tillegg drifter Frivilligsentralen, på vegne av Åmli kommune, den månadlege bygdekinoen, som er eit populært tilbod for barn og familar.

Frivilligsentralen samarbeider ofte med ulike einingar i Åmli kommune, noko som blant anna har resultert i felles prosjekt og arrangement som julegateåpninga, DKSS-arrangement, generasjonsmøter med barnehagane gjennom Livsglede for Eldre og gjennomføring av TV-aksjonen.

På slutten av året blei "Åmli Julehjerte" arrangert i godt samarbeid med Nav Åmli, psykisk helsetjeneste/rus og Åmli Misjonskirke. I år blei det etablert eit nytt samarbeid med Nav si arbeidsgruppe for å pynte sentrum til jul.

Blant nye initiativ i 2024 var etableringa av ein Halloween-stasjon i forbindelse med "Knask eller knep i Åmli". I tillegg inviterte helsestasjonen Frivilligsentralen og Åmli Bygdekvinnelag til eit samarbeid om ein åpen heilafoten med inspirasjon og refleksjon rundt temaet: "Korleis styrke nærheten i parforholdet – og få bedre helse".

Gjennom året har Frivilligsentralen opplevd å bli brukt som ein ressurs både for lokalbefolkninga og for ulike einingar i kommunen – alltid innafor frivilligheten sine rammer og prinsipp.

2.5 Helse

Legekontor

Legekontoret har i 2024 hatt en god og stabil bemanning! Ein lege er ute i permisjon fra hausten 2024, og det blei tilsett ein vikar.

Legekontor har to fast tilsette sjukepleiarar som gir god kvalitet i tenesta, samt ein erfaren helsefagarbeider. Personellsituasjonen er veldig tilfredsstillande for tida.

Legekontoret opplever ein utfordring med 2.line tenesta, det kjem ofte därlege epikriser og krevande bestillingar. Dei brukar tid på å etterspørje og fylle ut skjema som er mangelfulle. Kontoret arbeider med å overføre oppgåver innan KOLS og diabetes oppfølging frå lege til sjukepleier. Dette vil å fortsette i 2024.

Kontoret har to legar under spesialisering innan Allmennmedisin. Den eine vil vere ferdig våren 2025.

Helsestasjonsarbeidet blei styrka ved at skulehelsetenesta har fått noko meir legeressurs, skule-legen er med i drøftingsmøter på skulen og tilstades ved HfU (helsestasjon for ungdom).

Kommuneoverlege

I 2024 var oppgåver knytt kommuneoverlegen vore innan planer og drift. Tilsyn med skular og barnehagar innan miljøretta helsevern vart gjennomført i 2023 og skal på ny i 2025. Kommuneoverlegen deltar i nettverk for kommuneoverlegar i Østre Agder. Kommuneoverlegen er rådgivande for administasjonen og for det politiske nivå.

Legevakt

Fastlegane i Åmli bidrar med vakter. Bemanning på legevakta er meir stabil, men har i 2024 gitt kommunane ein auke i overføring til legevakta.

KØH

Dette er eit samarbeid i Østre-Agder, Arendal er vertskommune. Det har vore sju pasientar som har vore innlagt. Kommunal øyeblikkelig hjelpe (KØH) er eit lovpålagt tilbod, og Åmli kommune kan ikkje aleine stå for drift av KØH så lenge kriteria er at det skal vere tilbod om lege kvar dag.

2.6 Omsorg

Omsorgstenestene består av tenester innan Helse og omsorg og Habilitering og ressurs.

Helse og omsorg starta opp TØRN-prosjektet høsten 2023, og dette blei avslutta i desember 2024, med prosjektleiar i 20% som er finansiert av KS. Her var det fokus oppgåvefordeling for å møte utfordringar som tenesta vil møte dei neste åra. Der er utarbeida ein tiltaksplan for videre arbeid.

Institusjon

Drift av institusjon består av langtidsavdelinga, skjerma avdeling, kjøkken, vaskeri og reinhald

Det er 15 pasientar med langtidsopphald. Vi har etter ombygging fem pasientrom på avdeling for demente og seks pasientrom på somatisk avdeling, og tre pasientrom på korttidsavdelinga. Desse blir og nytta til langtidsopphald i periodar. Pasientbelegget er høgt, i 2024 har vi hatt ca 15% overbelegg heile året, ofte med krevjande pasientar. Pasientar som kjem frå sjukehuset er ofte dårlige og har behov for eit korttidsopphald. ÅPOS har definert eit rom til "Livets siste dagar". Pasientar og pårørande opplev dette som ein tryggleik i ein vanskeleg fase.

Demensomsorg er omfattande, avdelinga jobbar på samtykkevurdering, vedtak ifht kap 4 A som omhandler bruk av tvang og makt. Det er innført VIPs i alle avdelingar som metode i demensomsorgen.

Eininga har fokus på faget og legg til rette for vidareutdanning. Vi har fire tilsette som har tatt vidareutdanning innan ernæring på UIA. Demens vil vere eit område der kommunen må ha auka fokus.

På institusjon har vi utfordringar med å behalde og rekruttere rett kompetanse. Vi har få eller ingen søkerar til sjukepleiarstillingar, men har fått tilsett i enkelte fagarbeidarstillingar. Det å få tak i rett kompetanse er utfordrande, og her må vi jobbe strategisk for å finne fram til gode løysingar i 2025. Helse og omsorg arbeider med plan for å behalde og rekruttere kompetanse. I 2024 har vi nytta vikarbyrå for å dekke opp behov for kompetanse, og dette vil forsette i 2025.

Kjøkkenet produserer mat av høg kvalitet til institusjon og heimebuande. Vi arbeider for å sjå på høve til å få oppgradert produksjonskjøkkenet vårt. I 2024 blei det gjennomført møte med samfunnseinininga for å starte arbeidet med oppgradering av kjøkkenet. Kjøkkenet har i 2024 hatt stor auke i tal på middagar ut til heimebuande og intern catering til møter i kommunen. Kjøkkenet har internkontroll som kontrollerer at kjøkkenet er gode på reinhald, temperatur, tilbereding av mat og oppbevaring. Ved revisjon av Anticimex (som er leverandør av kvalitetssystemet) på rutinar og gjennomføring av kontroller i 2024 av temperatur og reinhald var der ikkje avvik.

Servicetenesten reinhald og vaskeri er stabile tenester. Reinhaldestenesten held høg kvalitet på huset. Vaskeriet er av eldre årgang og har behov for oppgradering for å innfri smittebarrierer og HMS for tilsette.

Heimetene

Heimesjukepleia

Tenesta har mange pasientar, og rundt 80 pasientar med enkeltvedtak. Det er fleire som krev mange vedtakstimar pr veke, som igjen betyr fleire besøk i løpet av døgnet. Utfordringa i kommunen er dei lange avstandane. Det blir brukt mykje tid til køyring. Heimesjukepleia har 61 pasientar med tryggleiksalarmer, av dei

har 25 ikkje andre tenester enn alarm. Det blir vurdert om vi må overføre desse brukarne til Ressponsenteret i Kristiansand. Dette vil vi ta ei avgjerd på i løpet av 2025.

Heimbuande med demens er aukane, og her er Hukommelse-teamet viktig. Grunnen er å kome tideleg inn hos pasientar med demens, gi tryggleik for pasienten og pårørande. Hukommelse-teamet har ansvar for å arrangere pårørande-skule, som dei gir tilbod om kvart andre år. Hukommelse team er tverrfagleg, og består av ergoterapeut, sjukepleiar og fagarbeidar. Fokus på fagområdet demens blir viktig dei neste åra.

Vinteren 2023 og 2024 har gitt tjenestene flere utfordringer med el-bilane. Tenesta har ein fosilbil og denne blei fornya i 2024. Vi ser behov for å ha fosilbil i tenesta, dette er for å ha ein bil som alltid startar og kan kome fram.

Bemanningsmessig har det vore nokre utfordringar. Vi har tilsette i permisjonar og vi har tilsette som har slutta i stillinga si. Vi har også her utfordringar med å få søkjavar til ledige stillingar.

Heimesjuepleia har ansvar for alle omsorgsbustadene, totalt 42 stk. Åmli kommune er godt utbygd med omsorgsbustader, og det blir ekstra viktig å forvalte desse på ein god måte når vi nå får fleire eldre.

Tenestekontoret er ein viktig aktør i kartlegginga og tildelinga av omsorgsbustad.

Heimehjelp-tenesta

Pr. 31.12 er det 55 brukarar med enkelt vedtak. Brukarar har i nokre tilfelle hjelp to gonger i veka, nokon eit gong kvar veke og nokon anna kvar veke. Dei som er tilsette i tenesta er stabile, det er lite fråvær. Heimehjelps-tenesta er viktig for at eldre og uføre skal kunne klare seg heime lengst mogleg. Heimehjelp er ofte den første tenesta ein innbyggjar får tildelt. Tenesta er langt nede i innsatstrappa og er lite inngripen i den enkelte sitt liv. Tenesta har fokus på gode arbeidsforhold for dei tilsette, dei har eige utstyr og har fokus på HMS i arbeidet. Det er viktig å tildele heimehjelp på rett nivå. Heimehjelp blir ikkje sett på som ei kritisk teneste og tenesta er sårbar ved korttids sjukdom, det hender at ein ikkje får heimehjelp i det same omfang når heimehjelpa har fråvær.

Tenesta for funksjonshemma

Tenesta for funksjonshemma har i 2024 hatt utfordringar med rekruttering av kvalifisert fagpersonell. Det har utover året lykkast i å få rett kompetanse i nokon vakante stillingar. Gjennom 2024 har jobben fortsatt med å gi riktige og gode tenester til tenestemottakar som flytta inn i bustad hausten 2022.

Ved Timmerodden bufelleskap er det 11 bustader. Alle bustadene er leid ut. Tenesta for funksjonshemma yter tenester til busette på Timmerodden, men også til tenestemottakarar som er busett i private bustader. Våren 2024 starta me opp dei restrukturerte fagteamma for betre og meir målretta tenester. Oppstarten av nye grunnturusar og dei nye fagteamma var bra, det var eit lågt sjukefråvær våren 2024.

Tenesta for funksjonshemma har stort fokus på dagtilbod til tenestemottakarar, både til dei som er busett på Timmerodden, men også nokre som bur i privat bustad. Me nyttar dagsenteret, forskjellige tilbod på Jobbklar og me har også arbeidspakts i ordinære bedrifter. Tilsette i tenesta for funksjonshemma planlegg og organiserer ulike aktivitetar.

I 2025 vil me ha fokus på kompetansehevande tiltak for å kunne gje eit betre heilsakapleg tilbod til tenestemottakarane. I 2025 ønskjer me også å jobbe videre med rekruttering av kvalifisert fagpersonell etter at kontrakt med private tenester utgår.

2.7 Infrastruktur

Arbeidet med utbetring av FV415, som starta opp hausten 2023, blei satt på pause i 2024 grunna konkurs av entreprenør, RA1. Agder fylkeskommune arbeider nå med å få på plass ny entreprenør og er forventa ferdig i slutten av 2026.

Bygginga av fortausløsing ved Dølemo starta opp i 2023 og blei ferdigstilt i 2024.

Gatelys i den nordlege delen av Åmli sentrum blei det vedteke å skifte ut både lysmaster og straumkabel pga alvorlege jordingsfeil i eksisterande straumkabel. Det er skifta ut 8 stk lysstolpar med armatur. Arbeidene blei starta opp i oktober 2024 med ferdigstillelse våren 2025.

Hausten 2024 blei arbeidet med oppgradering av kommunal bru til Vehusheia påbegynt. Åmli kommune har inngått avtale med Statens Vegvesen om at dei teke ansvaret for oppgraderinga av bru til Vehusheia saman med oppgraderinga av Rv 41. Arbeida er planlagt ferdig stilt til sumaren 2025.

I 2023 vart Sjodiplane vald ut av Statens Vegvesen som hovudrastepplass langs RV41. Dette betydde at det blei tilrettelagt for parkering, samt toalett-fasilitetar. Arbeidet vert starta opp våren 2024 med formell opning 4.juli 2024.

Kilandsfoss vasskraftverk blei påbegynt i mars 2023. Det er forventa produksjonsstart i 2025. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Åmli kommune, Froland kommune og Arendal Fossekompagni.

Bane NOR starta i mai 2024 arbeid med fornying av Nelaug omformarstasjon saman med Glitre nett. Det vart heldt folkemøte på Nelaug med godt oppmøte frå lokalbefolknign.

2.8 Prosjekt

Ressursar til prosjektleiing på Samfunnseinininga blei redusert i 2024 pga. at ein av prosjektleiarane slutt i jobben. Stillinga blei ikkje vidareført. Dette har medført at ein ikkje har klart å oppretthalde like høg aktivitet i prosjektgjennomføring som ein hadde planlagt for 2024. Dette har medført at ein ikkje har oppnådd målsettinga med å hente inn etterslepet.

Følgjande prosjekt har vært under arbeid i løpet av året (ferdigstilte prosjekter er merka grønt);

ENØK tiltak Skolen - Grunnvarme
ENØK tiltak Hallen - Grunnvarme og ventilasjon
ENØK tiltak DOS - Luftvarmepumpe
Oppgradering kjøkken Åpos
Kultursal
Etablere elektronisk branndokumentasjon(facility)
Uteområde Åmli ungdomsskole
Ombygging garderober/gjestetolett 1. etg. ÅPOS
Forsøksprosjekt venteplasser lys barn på buss
Oppgradering Sigridnesveien
Fortau Negardskleiva/kryssløsning - Jfr VA
Prosjekt generasjonsbru, ÅPOS (Må ryddes plass til)
Oppgradering dører Hallen
Nytt tak mot vest – Oasen
Garage/carport Århuskleiva 35
Omsorgsbolig Århuskleiva 1
Ombygging 020 rom skolen
Rehabilitering omsorgsboliger bygninger
Redskapsbod Toppen

2.9 Vatn og avlaup

Det er stort behov for investering i VA anlegg også i åra framover for å hente inn vedlikehaldsetterslep, og for å etablere gode løysningar i nye områder.

Prosjektet for nytt høgdebasseng vart prosjektert og lyst ut på anbod i 2022, men som følgje av høge prisar vart anbodsprosessen kansellera, og nytt anbod vart lyst ut i 2023. Gjennomføring av prosjektet starta opp sein sommaren 2023. Sjølve bassenget er nå ferdig bygd og blei ferdig stilt i mai 2024. Oppgraderinga er ei viktig satsing for å sikre god leveranse av vatn og mogleheit for vidare utbygging av bustader i sentrumsområda i Åmli. Det nye høgdebasseneget har erstatta det gamle bassenget som var bygd på 50 talet.

2.10 Reinhald

Reinhaldsavdelinga har fått nye maskiner for enklare og meir effektivt arbeid. Vi jobbar som eit team og kan distribuerast kvar som helst. Dette fører til betre arbeidsmiljø og lågare sjukefråvær. Avdelinga arbeider aktivt for å ta i bruk meir reinhaldsmaskiner for å lette arbeidet, gjer det meir effektivt og få betre resultat. Vi har heldt eit ergonomikurs for betre helse.

2.11 Kommunale bygg

Størstedelen av dei kommunale byggja er eldre bygg som bærer preg av alder og slitasje. Det har dei seinare år blitt gjennomført rehabilitering av delar av bygningsmassa, og det er viktig å fortsette med høg aktivitet på rehabilitering i åra framover. Rehabilitera bygg gir redusera vedlikehaldsutgifter, redusera energikostnader og auka trivsel.

Som resultat av høge energiprisar har det vore svært høge energikostnader i kommunale bygg også i 2024. For å redusere kostnaden mest mogleg på kort sikt, har det vore stort fokus på rett energistyring i bygningsmassen, og enkelte aktivitetar har blitt samla i bygg som allereie er oppvarma, slik at varmen har blitt stengt av i enkelte bygg.

For å redusere energibruken på lang sikt er det utarbeidd ein energikartlegging av dei kommunale byggja, med ei prioritering av tiltak ut i frå økonomisk kostnad/nytte vurdering. Det er totalt føreslege 49 tiltak til ein kostnad på kr 13,8 millionar. Innsparingspotensialet totalt er estimera til kr 1,9 millionar i året. Med bakgrunn i prioriteringane i planen er det gjennomførd fleire tiltak for å spare energi. Dette gjelde overgang til LED lys, etablering av luft/luft varmepumper, isoleringstiltak mv. Det er vedteke å bygge grunnvarmeanlegg for skulen, idrettshallen, Åpos og Rådhuset. Prosjektering av anlegga på skulen og idrettshallen er starta opp med plan om at dei skal vere i drift neste fyringssesong.

2.12 Plan- og byggesak

Plan- og byggesaksbehandlaren som blei rekruttert i oktober 2022 har utført byggesaksbehandling, plansaksbehandling, kommunal planlegging, kart og matrikkelføring. Sjølve oppmålingstenesta vert inntil vidare leidg inn, medan det vert utreda mogleheter for samarbeid med andre kommunar om oppmåling.

Det er vedteke 56 byggesaker (inkludert dispensasjonssaker) i alt i 2024 og gjennomførd 14 oppmålingsforretningar. Det har blitt tatt i bruk et nytt byggesaksbehandlingssystem i 2024: Plan og build.

Ein privat reguleringsplan for masseuttak på Hillestadheia er vedteken i 2024. Kommunal reguleringsplan for fortau og kryssløsing Skulekleiva og Negardskleiva er også vedteken i 2024. Elles går det planarbeid føre seg for 2 andre private reguleringsplanar: Pan Garden og masseuttak Jørundland som etter forventning blir vedteken i 2025.

Sommer 2024 har det blitt satt i gang rulleringsarbeid for kommuneplanens arealdel.

Planstrategi 2024-2027 vedteken haust 2024.

2.13 Jordbruk

48 føretak har eit produksjonsomfang som gjer at dei har rett på produksjonstilskot i jordbruket. Antal søkerar har halde seg stabilt. 38 av desse har husdyrhald (inkl. bigardar), 10 har reine planteproduksjonar.

Det er godkjend eit samla areal på inntil 250 daa til nydyrkning fordelt på 6 gardsbruk. 2 gardsbruk har fått løyvd kommunalt tilskot til nydyrkning med kr 1000 pr daa i samsvar med "Regelverk for tildeling av kommunalt tilskot til nydyrkning"

Det er løyvd midlar frå årleg tildelt ramme «Spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL) til Åmli kommune: I alt 11 prosjekt. 4 verneverdige bygningar, som vidare utløysar midlar frå fylkeskommunen og Kulturminnefondet, 4 kulturlandskapsprosjekt, 2 hydrotekniske anlegg og 1 til Nofence. Det er utarbeidd lokale retningslinjer for bruk av desse midla. 1 føretak har fått tilskot til drenering, lukka grøftesystem.

I Åmli kommune er fleire område klassifiserte som verdifulle kulturlandskap i «Regionalt miljøprogram Agder». 27 føretak har søkt midlar frå denne ordninga. Under ordninga kjem skjøtsel av verdifullt jordbrukslandskap ved beiting, erosjonshindrande tiltak og miljøvennlig spreiing av husdyrgjødsel.

Tovdal sankelag kjem inn under ordninga «Organisert beitebruk» - drift av beitelag. 5 bruk har til saman 1164 småfe på beite og har organisert tilsyn på utmarksbeite.

1 føretak har fått tildelt midlar frå ordninga «Tiltak i beiteområde» til Nofence.

2 føretak har søkt avlingserstatning på grunn av klimatiske forhold.

Det er søkt tilskot frå Innovasjon Norge til 2 prosjekt: Utviding av storfejøs med gjødselkum, og Mjølkerobot.

Bondekafé arrangert 25.september med fagleg informasjon.

Åmli kommune har det administrative ansvaret for veterinæravtakordninga i veterinærrområda Holt og Nedenes, som omfattar 10 kommunar. Landbruksdirektoratet tildeler årlege tilskot til ordninga.. Veterinæravtak gjeld alle dyr, ikkje berre produksjonsdyr. God dyrevelferd har høg prioritet. Vi har god veterinærdekning i vårt område. Ny anbodsrunde gjennomført i 2024.

Etablering av nye planteproduksjonar er i framgang; frukt, bær, reinhavre (glutenfri) og engfrø. Det same gjeld foredling/profillering /utsal av lokalmat. Satsing på birøkt.

Utfordring med auka kostnader på innsatsfaktorar i jordbruket. Nedlegging av husdyrhald.

Framover vil ein satse på god og miljøriktig utvikling av jordbruksnæringa innanfor overordna krav, med tilrettelegging for nye, og styrke eksisterande verksemder.

2.14 Skogbruk

Det blei avverka og innmålt 62.152 m³ til ein samla bruttoverdi på 37,4 mill. kr. Skogbruket gir store ringverknader og landbruksdepartementet hevdar verdiskapinga utgjer 10-12 x tømmerverdien. Skogeigarane i Åmli har dermed bidrege til ei samla verdiskaping på rundt 400 mill. kr!

Av skogkultur blei det satt ut 113.800 planter, utført ungskogpleie på 3.715 og markberedning på 433 dekar. I alt blei det investert 2,8 mill. kr i skogkulturtiltak.

Det blei ferdiggodkjent i alt 6 skogsveganlegg, fordelt på 3,1 km ombygging av skogsbilvegar og bygging av 0,6 km tung traktorveg, med samla investeringar på 2,4 mill. kr.

I alt blei det utbetalt ca 1,8 mill. kr i tilskot frå ulike statlege ordningar for å stimulere til denne aktiviteten. I tillegg kjem skogfondsutbetalingar på vel 6 mill. kr. Omløpstida for skogfondsmidlar i Åmli er nå 5,0 år.

Utfordningsbiletet er at ein stor del av eksisterande skogsbilvegar treng ombygging for å tilfredsstilla krava til transport med dagens tømmervogntog. Tilknyting til offentleg vegnett har og blitt meir utfordrande etter at fylkeskommunen frå 2021 overtok forvaltninga av fylkesvegane frå Statens vegvesen. Ein håper at desse forholda kommer i orden så ein skal halde oppe ein tilfredsstillande infrastruktur for skognæringa. Og aktiviteten innafor skogkultur må minst oppretthaldast om produksjon og kvalitet på framtidsskogen skal bli halde oppe.

2.15 Viltforvaltning

Åmli viltutval sine godkjente bestandsplanar for elg og hjort gjeld for perioden 2024-2026.

Det blei i 2024 felt i alt 115 elg, 102 hjort og 40 rådyr i Åmli kommune.

Utfordringsbiletet er ein elgstamme i därleg kondisjon og med låg produktivitet, samt ein hjortestamme der tettleiken er sterkt varierande. Det er viktig at forvaltningsplanane for inneverande periode i størst mogleg grad blir følgt.

Kommunens oppgåver med ettersøk etter skadd storvilt blir ivareteke av ei fallviltgruppe på 5 medlemmar. Avtalane får 2023 blei forlenga for 2024, nå utan slutt dato men med ein månads oppseilingstid. Det er etablert eigen vakttelefon der vakttenesten blir fordelt på ettersøkspersonellet.

2.16 Motorferdsel i utmark

Det vart innvilga ca. 30 løyver til motorisert ferdsel i utmark. Digital søknadsportal har gjort det meir brukarvenleg og enklare å søke. Det har og forenkla kommunen sin handsaming av søknadane.

2.17 Næring og utvikling

Regionalt

Totalt 7 Åmli-bedrifter fekk støtte frå det regionale næringsfondet i 2024, og det ble gitt tilsegn på til saman kr 345.000,- i etablerings- og utviklingsstøtte.

Pågang Næringshage har hatt fleire målbedrifter frå Åmli i 2024, med rettleiing i bedriftsutvikling. Pågang næringshage har også en avtale med DRIV Agder, etablerarsenteret i Agder, for såkalla førstelinjetjeneste i Østre Agder. Dette er rettleiing til gründere og nyopprettet bedrifter. DRIV Agder tilbyr også relevante kurs til denne målgruppa.

Åmli kommune tar en aktiv del i Østre Agder Næringsforum saman med de syv andre kommunane øst i Agder, og opplever at samarbeidet med næringsarbeid på tvers av kommunane er godt. Det ble utarbeida en strategiplan vår 2024, og satsingsområde i denne blir nå følgt opp i egne arbeidsgrupper.

Hausten 2023 ble det signert en samarbeidsavtale mellom Åmli kommune og Agder fylkeskommune. Denne fokuserer på områder vi skal samarbeide om, og som er viktige for kommunen. Denne avtalen er følgt opp både administrativt og politisk i 2024.

Lokalt

Biozin AS har fortsette sin leigeavtale på næringstomt på Jordøya i 2024, heilt i samsvar med avtale. I april 2024 kom den gledelege nyheita om at Equinor har gått inn som partnar i prosjektet, og Biozin og Equinor arbeida i 2024 med tidlegfasestudiar på biodrivstoffanlegg på Jordøya. Åmli kommune har hatt god dialog med både Biozin og Equinor heile vegen.

Det er ikkje selt tomter på Engenes i 2024, og her er det framleis god kapasitet. Hegna næringsareal er nå fullteikna, og det vert nå jobba med å finne gode alternativ til næringsareal med formål lett industri og lager.

I juli 2024 vart det opna bobilparkering på det kommunale næringsområdet på Nelaug. Dette vart gjort som eit samarbeid mellom Åmli kommune, Bane Nor og private tiltakshavarar.

Kommunen arbeider saman med den statlege ordninga for nærbutikkar, Merkur, og har gitt uttaler om støtte til søknader sentralt. Det blei også gitt støtte til nærbutikkane på Dølemo og i Gjøvdal til etablering av sjølvbetjente løysingar, kr. 300.000 til kvar butikk.

Åmli kommune ga i 2024 lokalbutikkane støtte til utkøyring av varer. Dette gjaldt Gjøvdal handel AS og Snarkjøp Dølemo.

Åmli kommune innvilga i 2024 sponsorstøtte til Heimover-festivalen, Dølemomarknaden, ultraløpar Anna Simonsson-Søndenå, karensek nyttårsfeiring, NM i skøyter (Dølemo idrettslag), Møteplassen Nelaug og naturkalender.

I januar 2024 blei det arrangert yrkesmesse i Åmlihallen for ungdomsskuletrinnet med over 20 påmeldte bedrifter. Næringsforeininga i Åmli har arrangert fleire kveldar samen med Åmli kommune, og det er planar om eit prosjekt som vil fokusere på utvikling av Åmli.

2.18 Reiseliv

Nærbutikkane fekk i samsvar med vedtak i K-sak 17/71 tilskot på kr 10.000 kvar for sin funksjon som turistinformasjon. Dette gjeld Gjøvdal Handel AS, Snarkjøp Dølemo og Møteplassen MB Hansen AS.

Elvarheim museum har turistinformasjon i opningstidene for museet. I tillegg har Åmli Bibliotek, Åmli rådhus og kiosken i Badeparken også funksjon som turistinformasjon.

Årleg oppdatert Turistinformasjon på Åmli kommune si heimeside i tillegg til Visit Åmli under Visit Sørlandet.

Åmli kommune er medlem av Åmli turistforum. Topp 20 - turane og kulturminneløypene er godt besøkt, i tillegg til Dagsturhytta og tur - og sykkelvegen mellom Åmli og Treungen.

Åmli kommune arrangerer årleg 2 reiselivsmøte: Vår - planlegge sommarsesongen og haust- evaluere.

Det interkommunale samarbeidet i Telemarksvegen held fram, med fokus på vegstandard, bygging av infrastruktur og attraksjonar – og felles marknadsføring.

Drift av kiosken i badeparken i juli, Åmli speidergruppe hadde ansvar for drift i 2024.

Prosjekt "Nidelva som naturbasert reisemål" - prosess under arbeid for vidareføring

Framover vil ein satse på å styrke og profilere reiselivsnæringa med dei fordelar vi har knytt til natur – og kulturopplevelingar.

2.19 Kultur

Elvarheim museum

Sommerutstillinga 2024 hadde tittel "Stokkebåten og varetransport i jernalderen". Det er gjort mange funn av stokkebåt i Aust-Agder. Ein av desse blei konservert og tatt vare på i 1996-1997 av Egil Knutsen og Bjørg Kleiven for framtidig utstilling på Elvarheim Museum. Utstillinga, som vart laga av Åmli historielag i samarbeid med Setesdalsmuseet og Elvarheim museum, viste også til viktige handelsvarer som blei transporterte fra Åmli til kysten i jernalderen.

Besøkstala ved museet gjeng ned frå 1486 i 2023 til 1264 i 2024.

I «Avtale mellom Aust-Agder museum og arkiv (AAma) og Åmli kommune om drift av Elvarheim museum» frå 2016 er det omtalt 8 vedlegg. Fleire av disse vedlegg har aldri blitt utarbeidt. Vegen vidare for disse vedlegg er nå avtalt i samarbeid mellom AAma og museumsnemnda.

Etter omfattande skadedyrangrep i 2023 ble det i 2024 utarbeidt IPM (Integrated Pest Management) rutinar for museet.

Ny plan for idrett og fysisk aktivitet

Plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune 2025-2036 ble endeleg vedtatt av kommunestyre i desember 2024. Samtidig ble Plan for friluftslivets ferdsselsårer (ref. K-sak 23/18) vedtatt som ein delplan med same planperiode.

Aktive lag og organisasjoner

Det blei i 2024 sendt inn 4 spillemiddelsøknader frå Åmli kommune. 2 av disse søknader frå idrettslag i Åmli kommune. Det ble også initiert arbeid med å stifte et idrettsråd i Åmli kommune. Arbeid ferdigstilles i 2025.

Den kulturelle spaserstokken

I samarbeid mellom helse og kultur er det gjennomført arrangement knytt til den kulturelle spaserstokken.

Oppfølging av kulturminneplanen

Kulturminneplanen (2020 – 2024) inneholder ei stor mengde registreringar av kulturminne. For å sikre at desse kulturminna blir ivaretakne i samband med sakshandsamingar, utbyggingar og anna bruk av areala, ser ein det som nødvendig å registrere desse kulturminna inn i kulturminneregisteret «Askeladden». Jobben med dette ble påbegynt i 2023 organisert som eit eige prosjekt. Prosjektet er kontinuerleg og fortsette i 2024.

2.18 Åmli bibliotek

Besøkstalet ved biblioteket har gått ned det siste året med rundt 455 personar så det var 2573 besøkande på biblioteket i løpet av 2024. Ein liten del av forklaringa på nedgangen er knapp tilgang på vikarar, biblioteket har halde stengt 10 dagar av den grunn.

Arrangementa har vært 1 skuleklassbesøk med totalt 23 pers. og 1 omvising i biblioteket med 14 personar. Biblioteket deltok i leseprosjektet READ-Agder. Et leseprosjekt for barn i skolens regi.

Planlegging og opprydding i biblioteket til meir-opent prosjekt er fortsett. Utstyr er satt opp. Diverre er prosjektet dratt ut i tid og vil bli ferdigstilt i 2025.

2.20 Nidelva og Gjerstad-Vegår vassområde (VOK)

I 2024 hadde både arbeidsgruppa og styringsgruppa oppstartsmøte i vassområde, med arbeidsgruppa som starta i april og styringsgruppa i november.

Samarbeidet med kommunane har gått forholdsvis bra, med vassområdekoordinator som rådgjevar, sjølv om vassforskrifta framleis kan opplevast som ukjent arbeid.

Vassområdet gjekk gjennom dei føreslått tiltaka i tiltaksprogrammet for perioden 2022-2027, kommune for kommune. Statusgjennomgangen viser at fleire kommunar ikkje har innarbeidd tiltaka frå førre periode, og nye tiltak blir oppdatert i Vann-nett. Kommunane har ansvar for å følgje opp tiltaka for å nå miljømåla innan utgangen av 2025. Kommunane er sektormyndighet for landbruk, avløp annan forureining, og ivaretake vassmiljøet i arealplanlegging og byggesaker. Som eit resultat av oppdatering av tiltak blei det lagt eit lokalt hovudutfordringsdokument til vassområde Nidelva- og Gjerstad-Vegår.

Andre pågåande/fullførte miljøtiltak og undersøkingar i vassområdet inkluderer restaurering av Strengselva i Tvedstrand, gjenopning av Fosstveit kraftverk og nedkjempinga av gjedde i Hengeljønn.

Vassområdet har òg vore involvert i planlegginga av den nasjonale vassområdesamlinga, som blir gjennomført annakvart år for alle vassområda og regionane i Noreg. I tillegg har vassområdet deltatt på fleire seminar, studieturar, fagkveldar og gjennomført kurs ved NMBU i restaureringsøkologi.

3 Rekneskap

Rekneskapen for 2024 er avslutta ut frå forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar m.v. gjeldande frå 01.01.2020.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.

Kontrollutvalet skal gje uttale til rekneskapen. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet.

3.1 Hovedoversiktar

3.1.1 BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - FORSKRIFTENS § 5-4

Bevilgningsoversikt drift A - forskriftens § 5-4	Regnskap 2024	Revidert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Rammetilskudd	-122 531 055	-122 040 000	-121 640 000	-113 322 027
Inntekts- og formuesskatt	-50 818 722	-55 628 000	-55 328 000	-53 896 729
Eiendomsskatt	-9 404 860	-9 803 718	-9 803 718	-9 951 639
Andre generelle driftsinntekter	-15 010 627	-7 820 602	-7 820 602	-15 088 725
Sum generelle driftsinntekter	-197 765 264	-195 292 320	-194 592 320	-192 259 120
Sum bevilgninger drift, netto	200 845 404	198 373 758	195 618 402	173 555 888
Avskrivinger	10 769 505	10 600 000	10 600 000	10 531 183
Sum netto driftsutgifter	211 614 909	208 973 758	206 218 402	184 087 071
Brutto driftsresultat	13 849 645	13 681 438	11 626 082	-8 172 049
Renteinntekter	-6 638 821	-5 279 822	-5 279 822	-5 304 852
Utbryter	-22 602 950	-13 854 000	-13 854 000	-18 402 510
Renteutgifter	11 458 083	10 258 379	10 258 379	9 091 174
Avdrag på lån	10 259 662	10 259 662	10 259 662	9 293 762
Netto finansutgifter	-7 524 026	1 384 219	1 384 219	-5 322 426
Motpost avskrivinger	-10 769 505	-10 600 000	-10 600 000	-10 531 183
Netto driftsresultat	-4 443 886	4 465 657	2 410 301	-24 025 658
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	1 852 167	10 575 770	571 000	24 402 296
Avsetninger til bundne driftsfond	3 287 544	1 141 457	1 141 457	1 691 693
Bruk av bundne driftsfond	-2 151 880	-4 642 157	-1 642 685	-1 895 291
Avsetninger til disposisjonsfond	8 244 535	5 011 800	5 011 800	14 209 351
Bruk av disposisjonsfond	-6 788 480	-16 552 527	-7 491 873	-14 382 391
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	4 443 886	-4 465 657	-2 410 301	24 025 658
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)				

Oversikten viser felles inntekter og utgifter, samt netto bevilgning til drift av einingane.

3.1.2 BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT - BEVILGNING PR. EINING – FORSKRIFTENS § 5-4

Bevilgningsoversikt drift B - forskriftens § 5-4	Regnskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Åmli kommune totalt				
Driftsinntekter	-80 701 779	-68 089 282	-62 589 282	-81 748 906
Driftsutgifter	281 547 183	266 463 040	258 207 684	255 304 794
Netto drift	200 845 404	198 373 758	195 618 402	173 555 888
10 Støttefunksjoner				
Driftsinntekter	-943 771	-722 609	-722 609	-655 694
Driftsutgifter	24 367 994	24 420 679	26 577 820	22 436 656
Netto drift	23 424 223	23 698 070	25 855 211	21 780 962
20 Oppvekst				
Driftsinntekter	-8 927 700	-7 139 013	-7 039 013	-10 089 825
Driftsutgifter	80 597 285	75 091 468	72 223 558	76 977 104
Netto drift	71 669 584	67 952 455	65 184 545	66 887 279
30 Helse og omsorg				
Driftsinntekter	-24 513 166	-17 209 740	-11 809 740	-13 527 331
Driftsutgifter	89 173 300	82 923 385	67 526 902	79 387 992
Netto drift	64 660 134	65 713 645	55 717 162	65 860 661
40 Habilitering og ressurs				
Driftsinntekter	-10 528 072	-7 878 900	-7 878 900	-11 939 972
Driftsutgifter	39 332 684	38 254 641	36 010 248	38 017 396
Netto drift	28 794 612	30 375 741	28 131 348	26 077 424
50 Samfunn				
Driftsinntekter	-35 766 027	-35 081 520	-35 081 520	-45 486 303
Driftsutgifter	55 080 779	51 857 662	49 955 650	56 147 096
Netto drift	19 314 753	16 776 142	14 874 130	10 660 793
60 Økonomi/skatt/finans				
Driftsinntekter	-23 043	-57 500	-57 500	-49 780
Driftsutgifter	-6 994 859	-6 084 795	5 913 506	-17 661 449
Netto drift	-7 017 902	-6 142 295	5 856 006	-17 711 231
Sum netto drift	200 845 404	198 373 758	195 618 402	173 555 888

Oversikten viser netto driftsrammer på kommunen sine hovedansvar samla og kvar for seg, og er grunnlaget for linje 6 i Bevilgningsoversikt drift A.

Kommentarar til budsjettavvik for einingane

Organisasjon og økonomi

Netto drift for eininga syner eit mindreforbruk på ca 273 000, sett i forhold til regulert budsjett. Det kom litt meir sjukepengerefusjon enn det var budsjettet med, samtidig med eit mindreforbruk på IKT, sett i forhold til regulert budsjett.

Oppvekst

Oppvekst hadde eit meirforbruk for 2024 på kr 3 228 000. Dette skuldast utbetaling av overtidsløn til tilsette ved skulen. Fleire av dei tilsette hadde opparbeida seg mykje avspasering over fleire år. Dette vart utbetalta i 2024. Tilskot til den private barnehagen, barnevernet, skuleskyss og kjøp av konsulenttenester frå andre kommunar og private føretak har vorte høgare enn budsjett for 2024.

Helse og omsorg

Helse og omsorg hadde eit positivt driftsresultat på kr. 1 012 000. Årsaken er at det er blitt overført midlar i løpet av året.

Det har i 2024 vore auka inntekter i høve til brukarbetaling, auke i refusjonar frå Helfo, sjukepengar og foreldrepengar. Samt at tilskotet for ressurskrevjande tenester var høgare enn budsjett. Helse og omsorg har i løpet av året hatt auke i utgifta til bruk av overtid og til kjøp av sjukepleievikarar pga manglende søkerar til ledige stillingar. Eininga har også hatt auke i utgift til legevaktsamarbeidet.

Det har vore eit krevjande år for helse og omsorg. Auke i tenestelevering og vanskar med å få rett kompetanse er hovudårsakene.

Habilitering ogressurs

Habilitering ogressurs hadde eit positivt driftsresultat på kr. 1 581 000,-. Grunnen til det positive resultatet er at vi fekk meir i refusjon for sjukepengar og foreldrepengar, samt at tilskot for ressurskrevjande brukarar var høgare enn budsjettet.

Samfunn

Samfunn hadde totalt eit overforbruk netto, på kr 2 538 000 sett i forhold til regulert budsjett. Grunnen til dette er at den reduksjonen vi såg føre oss på straum ikkje vart realisert. Det var ogoverforbruk på utgifter til renovasjon og vedlikehald av bygg og anlegg, sett i forhold til budsjett.

Økonomi/skatt/finans

Netto driftsresultat for området syner eit positivt resultat på kr 875 000. Det er i all hovudsak på grunn av inntektsføring av årets premieavvik for pensjon.

3.1.3 BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING Å ETTER FORSKRIFTENS § 5-5

Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd (A)	Regnskap 2024	Revidert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Investeringer i varige driftsmidler	24 519 996	118 633 655	29 587 500	20 969 077
Tilskudd til andres investeringer	-2 071 888	488 580		6 000 888
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	3 192 885	571 000	571 000	10 686 049
Utlån av egne midler				
Avdrag på lån				
Sum investeringsutgifter	25 640 993	119 693 235	30 158 500	37 656 014
Kompensasjon for merverdiavgift	-1 877 150	-13 498 298	-2 547 500	-1 740 949
Tilskudd fra andre	-3 181 000	-6 150 000		-6 873 705
Salg av varige driftsmidler	-686 919	-900 000		-196 637
Salg av finansielle anleggsmidler				
Utdeling fra selskaper				
Mottatte avdrag på utlån av egne midler				
Bruk av lån	-15 909 991	-70 110 570	-27 040 000	-15 972 856
Sum investeringsinntekter	-21 655 059	-90 658 868	-29 587 500	-24 784 147
Videreutlån	4 567 100	6 000 000	6 000 000	4 116 005
Bruk av lån til videreutlån	-4 567 100	-6 000 000	-6 000 000	-4 116 005
Avdrag på lån til videreutlån	719 462	770 700	770 700	2 463 380
Mottatte avdrag på videreutlån	-1 751 230	-770 700	-770 700	-707 511
Netto utgifter videreutlån	-1 031 768			1 755 869
Overføring fra drift	-1 852 167	-10 575 770	-571 000	-24 402 296
Avsetninger til bundne investeringsfond	9 000 000			
Bruk av bundne investeringsfond	-3 457 163			
Avsetninger til ubundet investeringsfond	1 530 408	900 000		14 018 482
Bruk av ubundet investeringsfond	-8 175 245	-19 358 597		-4 243 922
Dekning av tidligere års udekkebeløp				
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-2 954 167	-29 034 367	-571 000	-14 627 736
Fremført til inndekning i senere år (udekkebeløp)				

Oversikten viser samla investeringsutgifter, investeringsinntekter og korleis investeringane er finansiert gjennom året. Investeringsrekneskapen er fullt ut finansiert.

3.1.4 BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING B ETTER FORSKRIFTENS § 5-5

Bevilgningsoversikt investering B	Regnskap 2024	Revidert budsjett		Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
		2024	2024		
Investeringer i varige driftsmidler	24 519 999	118 633 655	29 587 500	20 969 078	
Utlån av egne midler	-	-	-	-	-
3737 - Automatisk ringeanlegg i Åmli, Tovdal og Gjødal kyrkje				729 000	
3758 - Ny legevakt-KØH bygg	- 2 071 888	488 580		2 071 888	
3765 - Utbygging av fortau langs Fv. 3716 - Engenes - Åmfoss bru				3 200 000	
Sum tilskudd til andres investeringer	- 2 071 888	488 580		6 000 888	
3112 - KLP egenkapitalinnskudd	603 025	571 000	571 000	553 449	
3115 - SK Revisjon - kapitalinnskudd				30 000	
3119 - Konsesjonssak Kilandsfoss				10 100 000	
3758 - Ny legevakt-KØH bygg	2 589 860			2 600	
Sum Investeringer i aksjer og andeler	3 192 885	571 000	571 000	10 686 049	
Sum investeringer	25 640 996	119 693 235	30 158 500	37 656 015	
Prosjekt					
1304 - Bruker 4 - helse og omsorg	171 159				
3112 - KLP egenkapitalinnskudd	603 025	571 000	571 000	553 449	
3115 - SK Revisjon - kapitalinnskudd				30 000	
3119 - Konsesjonssak Kilandsfoss				10 100 000	
3133 - Fortau på Dølemo	1 091 991	5 884 984		2 515 016	
3301 - Bekkenspyler ÅPOS				179 331	
3302 - Inventar Somatisk avdeling ÅPOS				470 906	
3305 - Vaskemaskin ÅPOS				129 665	
3306 - Kjøl og frys maskin ÅPOS 2023				297 235	
3310 - Volds og assistansealarm Åmli legekontor					
3434 - Sal av fast eiendom/tomt	85 375				
3435 - Frikjøp av rettigheter over vannverkets eiendommen - Gjøv vannver		402 000			
3480 - Fiber til kommunale utleieboliger		125 000			
3526 - Rehabilitering kommunale bygninger	1 948 511	2 604 886	1 200 000	254 199	
3626 - Utskiftning Vassledning Åmli sentrum	53 686	98 000			
3630 - Rastepllass Sjodiplane	3 457 163	4 812 500			
3633 - Radon saneringstiltak		531 648			
3634 - Jernbanespør og utvidelse av Jordøya næringsareal		5 349 797			
3636 - Tur og sykkelloype Åmli-Treungen	10 823	1 826 750			
3641 - Opparbeiding Engenes næringspark				10 925	
3704 - Høgdebasseng Børinghus	6 947 019	6 810 012		4 273 145	
3705 - Rehabiliteringsplan VA - Ledningsnett		595 804		21 724	
3706 - Leikeplasser kommunale boligfelt		156 044			
3709 - Ny forbehandling av råvann Nelaug VV				427 537	
3711 - Garasje/avfallsbod omsorgsboliger	1 036 283	1 144 059		759 852	
3713 - Grunnerverv Simonstad næringsområde	383 457	661 375		3 689 800	
3715 - Åmli skule og DOS. Uteområder	232 863	104 521			
3721 - Uteområde Beverborga og Mosberg barnehager	93 999	128 527		218 141	
3722 - Sykkelveien. Tilleggsfinansiering tømmeravkjøring.	172 105	250 000			
3723 - Bosettingstiltak Selåsvatn bustadfelt	425 866	636 012		43 062	
3726 - Ladestasjoner for elektriske tjenestebiler				38 011	

3729 - Redskapsbod på Toppen	390 204	484 667		10 225
3734 - Samleskær traktor/hjullaster til snørydding		91 125		
3735 - Utskifting av veilys til LED - armatur				357 052
3737 - Automatisk ringeanlegg i Åmli, Tovdal og Gjøvdal kyrkje				729 000
3739 - Reguleringsplan næringsområde Åmli Alpinsenter				530 475
3740 - Oppgradering kommunale veger	360 188	916 228		2 795 523
3745 - Ny tømmestasjon for bobiler		92 242		295 258
3747 - Meråpent bibliotek	327 150	424 313		143 621
3748 - Ombygging av NAV - Sikkerhetskrav	134 793			457 714
3751 - Kultursal	860 993	31 097 642		189 109
3753 - Uteområde ungdomsskolen	9 671	2 972 313		5 005
3754 - Tredeling av Åmlihallen				
3755 - Veilys Homann				80 513
3757 - Ombygging eldresenteret ved Åmli Pleie- og Omsorgssenter				714 231
3758 - Ny legevakt-KØH bygg	517 972	488 580		2 074 488
3763 - Simonstad - grunnundersøkelser og opparbeidelse av næringsområdet		609 228		571 703
3765 - Utbygging av fortau langs Fv. 3716 - Engenes - Åmfoss bru				3 200 000
3766 - Forsøksprosjekt belysning venteplasser barn på buss	20 033	58 425		116 575
3767 - Tviland bru - rehabilitering		2 625 000		
3768 - Kjøp av sittegressklipper - drift av kirkegårdene				375 440
3770 - Skillevegger dusjer skolen				290 730
3771 - Ombygging 020 rom skolen	607 269	500 000	500 000	
3773 - Tak og isolering stasjonsbygningen	94 147	306 250	306 250	
3774 - Skifte av tak Åmli skole		625 000	625 000	
3775 - Nytt tak mot vest - Oasen	724 468	843 016		25 630
3776 - Oppgradering dører Hallen	18 190	358 914		12 912
3777 - Varmepumpe Åmli skole	11 021	4 590 615		7 508
3778 - Varmepumpe Hallen	81 605	2 952 521		45 602
3779 - Ventilasjonsanlegg Paviljongen	235 293	721 812		28 379
3781 - Utskifting asbestsement vannledning.	46 745	3 100 000		
3785 - Inventar Åmli skule	13 803	810 342		540 908
3787 - Fortau og omlegging av trafikkawikling ved Åmli skole	296 701	3 731 146		16 977
3788 - Oppgradering kjøkken ÅPOS	44 902	125 000	125 000	
3789 - Etterisolering Helsehuset	246 882	207 187		29 439
3791 - Oppgradering Sigridnesveien	144 840	2 812 500	2 812 500	
3792 - ENØK tiltak - Grunnvarmeanlegg Åpos		2 875 000	2 875 000	
3793 - ENØK tiltak - Luft/vann varmepumpe Åmli rådhus		1 812 500	1 812 500	
3794 - ENØK tiltak - Luft/vann varmepumpe Dølomo barnehage		375 000	375 000	
3795 - Feiemaskin til liten maskin (Wille)	171 125	162 500	162 500	
3797 - Liten lastebil drift	807 500	875 000	875 000	
3798 - Solskjerming Dølomo barnehage	332 801	375 000	375 000	
3799 - Bosettingstiltak - kjøpsgaranti 5 boenheter		15 000 000	15 000 000	
3801 - Takkonstruksjon over rømningsvei ÅPOS		500 000	500 000	
3804 - Ombygging av rom 2 etg. ÅPOS	7 369	1 206 250	1 206 250	
3805 - Ny bil til VA drift	700 478	650 000	650 000	
3806 - ENØK tiltak - oppgradering til LED lys på ÅPOS		187 500	187 500	
3807 - Rehabilitering av omsorgsbolig - Åhuskleiva 1	584 269	475 000		
3808 - Oppgradering badepark - sentrumsutvikling	329 910			
3809 - Utskifting av gatebelysning sentrum nord	807 349	962 500		
Sum	25 640 996	119 693 235	30 158 500	37 656 015

Oversikten viser investeringsutgifter pr. prosjekt.

